

# Lagshandboka



NORSK MÅLUNGDOM



Utgjeve av Norsk Målungdom, Øvre Slottsgate 5, 0157 OSLO

Bladbunad: **Arild Torvund Olsen** - ISBN 82-90469-02-0 - Prenteverk: Melsom Grafisk

# FØREORD FRÅ

## STUDIEUTVALET

Arbeidet med lagshandboka har halde på med jamne mellomrom gjennom mange år. Me vil med dette takka nokon av dei som har gjeve serleg kjærkomen hjelp, skrive bolkar av boka, eller kome med verdfulle innspel undervegs:

Ingar Arnøy, Line Brendberg, Hans Olav Brendberg, Oddbjørn Haugen, Oddmund L. Hoel, Vivian Kjøpstad, Håkon Kolmannskog, Vidar Lund, Lars Christen Mamen, Guri Skeie, Mona Stormark og Ragnhild Ås.

Lagshandboka har vore oppe på mange sentral- og landsstyremøte dei siste åra, og skiftande utgåver og omfang har vore framme. Den endelege forma fann boka i 1999, og vinteren 2000 kunne me leggja siste hand på verket.

Det er gildt at me no endeleg kan leggja fram boka til bruk i lag og lyd i målungsdomsrørsla, og me vonar lokallagsaktivistane kjem til å få gagn og nytte av henne i arbeidet sitt. Lukke til!

NB Rana  
Depotbiblioteket  
8606 Mo i Rana

Studieutvalet i Norsk Målungsdom  
Mars 2000

# Innhald

1. **Føreord** 7
2. **Innleiing – 5 gode grunnar til å vera organisert** 8
  - a) Du er samd med organisasjonen
  - b) Det nyttar å arbeida saman med andre
  - c) Du får nye og mange vener
  - d) Du gjer meiningsfullt arbeid
  - e) Du lærer mykje
3. **Kva er Norsk Målungdom?** 11
  - a) Hovudoppgåver
  - b) Oppbygning
  - c) Organisasjonsstruktur
  - d) Lover, tuft, årsmelding og arbeidsprogram
4. **Å starta eit målungdomslag** 14
  - a) Skipingsmøte
  - b) Styret for laget
  - c) Lagsnamnet
  - d) Lover og økonomi
  - e) Val
5. **Å ha verv i laget** 17
  - a) Formell og tilfeldig organisasjon
  - b) Interimstyre
  - c) Styret
  - d) Faste tillitsverv
  - e) Andre tillitsverv
  - f) Tillitsverv på møte
    - Møtestyrar
    - Moteskrivar
6. **Kva kan laget gjera? – Del I: Møte og tilskipingar** 21
  - a) Møteverksemd
    - Alle møte må ha eit mål
    - Gjer møte interessante og morosame
  - b) Arbeid i laget
    - Styremøte
    - Lagsmøte
    - Studiemøte
    - Årsmøte
  - c) Utetterretta arbeid
    - Opne møte
    - Kurs



## 7. Kva kan laget gjera? – Del II: Aksjonar 26

- a) Korleis planleggja?
- b) Honegrenda MU skipar aksjon
  - 1) Analyse av stoda på heimstaden
  - 2) Idédugnad
  - 3) Konkretisering
  - 4) Gjennomføring
  - 5) Oppsummering

## 8. Kva kan laget gjera? – Del III: Å skriva for laget 30

- a) Skrivning viser fram laget
- b) Pressemelding
- c) Lesarbrev
- d) Fråsegner
- e) Hugseregjar når de skriv
- f) Flygeblad
- g) Plakat og veggviser
- h) Bruk medlemsbladet Motmæle
- i) Internett

## 9. Kva kan laget gjera? – Del IV: Studiearbeid 35

- a) Kva er studiearbeid?
- b) På kva måtar kan de studera?
  - Studiering
  - Opne møte
  - Kurs
- c) Korleis planleggja studiearbeidet?
- d) Organiser studiearbeidet
- e) Tilrådde studieopplegg frå NMU
  - Studiehandbøker
  - Studieopplegg bygde på avisinnlegg og debattbøker

## 10. Kva kan laget gjera? – Del V: Økonomiarbeid 41

- a) Innkomer
- b) Søknad om tilskot
  - Finn ut kvar de kan søkja om tilskot
  - Skriv søknadene
    - Kva skal de leggja vekt på?
    - Søknadssummen
    - Vedlegga
    - Skrivarstova kan hjelpe
- c) Budsjett og rekneskap

- d) Opning av konto
- e) Stonad til studiearbeid i lokallaget
  - Kva typar studiearbeid kan laget få tilskot til?
  - Korleis kan laget få tilskot til studiearbeid?
  - Korleis fyller du ut søknadsskjemaet?
- 11. Arbeidskalender i eit vanleg NMU-år 49**
- 12. Nynorskverda 53**
  - a) Lag og tiltak i norskdømsrørsla
  - b) Medlemslag i NMU med heimesider
- 13. Målrørsla og nynorsken frå 1850 til i dag 59**

Tidstavle
- 14. Målungdomsrørsla frå 1877 til i dag 65**

Tidstavle
- 15. Korleis lagar du ein plakatbukk? 68**

Praktisk rettleiing
- 16. Standardlovene for eit lokallag i NMU 70**
- 17. Døme på arbeidsplan for eit lokallag i NMU 73**
- 18. Samarbeidsavtalen mellom NMU og Noregs Mållag 74**
- 19. Stikkordsliste 76**

#### **I EIT EIGE VEDLAGT HEFTE FYLGJER:**

- Tufta åt Norsk Målungdom
- Lovene åt Norsk Målungdom
- Prinsippprogrammet åt Noregs Mållag
- Lovene åt Noregs Mållag

# 1. Føreord

Denne boka er meint å vera til hjelp for all ungdom som vil gjera ein innsats for målsaka ved å vera med i Norsk Målungdom (NMU). Same om du er ein einsam nynorskelev på ein bokmålsskule og tykkjer overmakta er stor; om du nett har meldt deg inn i NMU og vil starta lag, men undrast på korleis; om du alt er lagsleiar i eit målungdomslag, men ikkje heilt veit kva laget skal gjera; om du har fått andsvaret for økonomien i laget og ikkje har peiling på kva det dreier seg om: – Denne boka er skriven for dykk alle saman! Ikkje av di me trur at me kan gjeva svara på alle spørsmåla de har, det finn de fyrst og fremst ut gjennom å prøva og feila. Men gjennom organisert arbeid har målrørsla i Noreg opp gjennom soga vorte ei av dei sterkaste og best organiserte målrørslene i verda, og den kunnskapen som ligg i dette er det vel verdt å taka vare på og føra vidare. Denne boka er stelt i stand for å styrkja og spreia den kunnskapen Norsk Målungdom har med å organisera ungdom i Noreg.

Boka inneheld svært lite målpolitisk argumentasjon. Sidan dette er ei lagshandbok, har me freista konsentrera oss om dei *organisatoriske* sidene ved målarbeidet. Men det er viktig å hugsa på at alt organisasjonsarbeid er fáfengt og meningslaust om det ikkje ligg ei målpolitisk overtyding attom, og om me ikkje kan argumentera for og forsvara synsmåtane våre. I vedleggsdelen finn du tufta, som er det målpolitiske grunnlaget til NMU. Me oppmodar dykk om å setja dykk inn i målpolitikken til NMU, mellom anna gjennom å studera tufta, dei landsmøtevedtekne programma og artiklar i *Motmale* og *Mål og Makt*. Desse skriftene får du om du kontaktar skivarstova til NMU i Oslo, eller ved å gå til heimesidene til NMU på [www.nynorsk.no/nmu/](http://www.nynorsk.no/nmu/). Denne lagshandboka finn du òg på dei same heimesidene. Her finn du òg oppdateringar av boka etter kvart som tida går og ny informasjon kjem til.

Boka er skriven slik at det skal vera mogleg å slå opp etter kvart som det er saker og ting i målarbeidet du vil ha svar på eller treng råd om. Då kan du anten nytta stikkordslista baki boka eller innhaldsoversynet frammi. Det er sjølvsagt mogleg å lesa boka frå perm til perm òg!

Lukke til i arbeidet med å byggja eit sterkt Norsk Målungdom!

Helsing  
Sentralstyret i Norsk Målungdom

## 2. Innleiing

### 5 gode grunnar til å vera organisert

*Kvifor bør me driva organisert arbeid? Det er eit viktig spørsmål om du tenkjer på å vera aktiv medlem i NMU. Her finn du fem gode grunnar til å vera organisert. Vonleg kan du finna minst fem grunnar til!*

#### a) Du er samd med organisasjonen

Politisk overtvinging kjem alltid til å vera den viktigaste grunnen til at ungdom melder seg inn og vert aktive i ein organisasjon som NMU. Ingen vil seriøst melda seg inn utan at dei av ein eller annan grunn stor nynorsken og arbeidet til organisasjonen. Dei fleste som melder seg inn i NMU, gjer det òg truleg meir på grunn av at organisasjonen arbeider for nynorsken i praksis enn på grunn av kjennskap til det prinsipielle grunnlaget som organisasjonen byggjer arbeidet sitt for nynorsken på. For å seia det enkelt: Kva organisasjonen gjer for målsaka, er viktigare enn kva organisasjonen meiner om målsaka. Dette vil likevel ikkje seia at saka – den politiske overtvinginga – er det einaste som gjer at ungdom melder seg inn, vert aktive og held koken lenge. I ein friviljug ungdomsorganisasjon hjelper det ikkje om overtvinginga er aldri so sterk dersom ein del andre ting sviktar.

#### b) Det nyttar å arbeida saman med andre

Me har alle ein trong til å sjå at det nyttar å arbeida. Arbeidsgløden kan snart minka, same kor god saka elles måtte vera, dersom me aldri ser resultat av arbeidet. Arbeidet på alle plan i organisasjonen må difor leggast opp slik at det er realistisk å sjå synlege resultat av arbeidet på kort tid. Det er alltid viktig å oppsummera og feira det de har fått til, same kor lite det måtte vera når de jamforer med dei store overordna måla for arbeidet. Dersom "Hønegrenda Målungdom" heile tida oppfattar det som eit stort nederlag og vonbrot at ikkje alle ungdomar i Hønegrenda skriv nynorsk, kjem stemninga i laget etter kvart til å verta noko dystert.

Likevel er det lov å koma med kritikk og taka sjølvkritikk for å retta på mistak. Det er ikkje noko merkeleg å gjera tabbar: Det gjer alle. Det er betre at det er klima for å diskutera mistaka ope i staden for at kvar går rundt og tenkjer (og kviskrar om) sitt.

#### c) Du får nye og mange vener

Alle har bruk for vener og eit miljø der dei trivst og kjenner seg heime. Eit dårleg miljø kan øydeleggja arbeidet i eit lokallag som elles er fullt av dugande og eldhuga ungdomar. Ikkje noko skaper so stor trivnad og god stemning som å oppnå gode resultat. Men ingen kan vinna store singlar heile tida. Det er difor viktig at alle i laget, og serleg leiaren, legg vinn på å skapa eit godt miljø der alle kan trivast.

#### d) Du gjer meningsfullt arbeid

Trivnad har òg å gjera med at du gjer eit arbeid som du tykkjer er meningsfullt og morosamt. Dette gjeld sjølvstøtt alle typar arbeid på alle plan i samfunnet, men det er serleg viktig å ha det klart føre seg i ein friviljug ungdomsorganisasjon som NMU. I arbeidslivet, medrekna store organisasjonar med mange tilsette og med honorar (møtegodtgjersle) til tillitsvalde, kan folk finna seg i å gjera arbeidsoppgåver dei ikkje tykkjer noko serleg om sidan dei får løn for det. I ein friviljug organisasjon må medlemmer og serleg tillitsvalde òg finna seg i at dei må gjera ein del arbeid som



er naudsynt, men kanskje ikkje so morosamt. Men vert det for mykje av slikt arbeid, og vert det ujamt fordelt, vel medlemene det bort og byrjar samla frimerke eller hoppa høgde i staden. Rett nok må det vera eit mål for leiinga i laget å få alle med på å arbeida hugheilt og aktivt med dei oppgåvene og mot dei måla som fleirtalet i laget på demokratisk vis har vedteke. Men det gjer at det same fleirtalet og dei som er dominerande i laget, samstundes må taka omsyn til kva alle delar av laget har hug til å driva med. Det er straks eit fareteikn når medlemene og dei tillitsvalde tek del i lagsarbeidet eine og åleine av pliktkjensle. De må syta for at det er lysta som er drivkrafta. Og det er leiara og dei tillitsvalde som må gå i brodden og taka andsvar for å draga folk med seg. Det er difor *dei* er tillitsvalde.

### e) Du lærer mykje

Alle ønskjer å læra meir, verta klokare og utvikla seg – serleg ungdom mellom 15 og 25 år som NMU primært vender seg til. Skal organisasjonen fungera godt og medlemene trivast, må han oppfylle slike ynske. Dei to sentrale punkta her er fordeling av arbeidsoppgåver i laget, og studiearbeidet. Å driva ein organisasjon er gjerne svært lærerikt i seg sjølv, men det føreset at dei som er med, jamt og trutt moter nye utfordringar og oppgåver som dei tykkjer er spanande og lærer noko av å løysa. Med studiearbeid meiner me då som regel kurs, studieringar og diskusjonsmøte.

Leiinga i laget må syta for at slike tiltak ikkje vert prioriterte bort, for det er det lett å gjera. Du bør ikkje sjå det som bortkasta å lesa og diskutera saker som ikkje har nokon beinveges samanheng med det daglege arbeidet i laget. Slikt er tvert imot viktig for at medlemene skal kunna få ei breiare forståing for målsak og lagsarbeid.

Alt i alt er det viktig at du ikkje sturer deg blind på nokon av desse fem punkta, men at du ser alle i samanheng. Dette kan verka banalt og sjølvstøtt, men er både viktig og vanskeleg. Og det er sjølve grunnlaget for at me greier å byggja opp og halda ved lag ein organisasjon som kan arbeida for målsaka.

«Me skal arbeida for å få alle nordmenn til å velja å taka i bruk nynorsk som sitt skriftmål, og me skal hindra at dei som alt har nynorsk som hovudmål, byter til bokmål.»

## 3. Kva er Norsk Målungdom?

*Som medlem i NMU er det viktig at du kjenner til korleis organisasjonen er oppbygd og fungerer. I det følgjande skal me freista gjera greie for dei viktigaste sidene ved organisasjonen NMU.*

### a) Hovudoppgåver

Norsk Målungdom har to hovudoppgåver: Me skal arbeida for å få alle nordmenn til å velja å taka i bruk nynorsk som sitt skriftmål, og me skal hindra at dei som alt har nynorsk som hovudmål, byter til bokmål. Døme på viktige aktivitetar me driv med, er målferder og aksjonar for å tryggja rettane til dei som nyttar nynorsk. På målferdene dreg målungdomar rundt på skular og held foredrag om målsaka og *språkvalsmekanismane* (årsakene til at me vel eit mål og meiningane knytte til dette målalet).

NMU vil at folk skal velja nynorsk av eiga overtyding, ikkje av di ei eller anna lov seier det. Det får fylgjer for arbeidsmåtene våre. Målferdene og kursa våre er det me vervar mest på, for når me greier ut om synet vårt på målstoda og målsoga for folk, får mange sambug med arbeidet vårt. Det er sofeis viktig at alle målungdomar er godt skulerte og diskuterer med folk. Det er på det viset organisasjonen vår veks.

### b) Oppbygning


NMU er ein medlemsorganisasjon. Når medlemene organiserer seg i lag, kan dei få røysterett på landsmøtet, som er det øvste organet i NMU. Difor er medlemene grunnfjellet i organisasjonen, og det er dei som styrer gjennom landsmøtet. På landsmøtet kvart år vert det valt landsstyre og sentralstyre for organisasjonen.

Landsstyret (LST) er det øvste organet mellom landsmøta, og det skal forma ut meir konkret politikken landsmøtet har vedteke, draga opp linene for arbeidet vidare, og sjå til at lovene og dei andre landsmøtevedtaka vert fylgde. Landsstyret er sett saman av leiaren i NMU og 14 eller 16 andre landsstyremedlemmer og møtest 5-6 gonger i arbeidsbolken (som varer frå mars eit år til mars året etter). Landsstyremedlemene bur og går på skule / studerer kringom i landet.

Sentralstyret (SST) skal setja politikken vår ut i livet. I sentralstyret sit leiar, nestleiar, økonomi-ansvarleg og 4 (evt. fleire) andre sentralstyremedlemmer. Sentralstyret møtest til vanleg kvar veke, nokre gonger oftare, nokre gonger sjeldnare. Av den grunn er det praktisk at dei held til på same staden. Skrivarstova (målungdomskontoret) ligg i Oslo. Skrivarstova har andsvar for den daglege drifta av organisasjonen. I dag har me tre tilsette, leiaren, skrivaren (den daglege leiaren) og ein sivilarbeidar. Sentralstyret gjer mykje friviljug arbeid på skrivarstova, so du finn ofte folk der frå kl. 9 på morgonen til langt utpå kvelden. Når det trengst, vel landsstyret eller sentralstyret nemnder og utval som arbeider med serskilde oppgåver, t.d. studieutval, arbeidsprogramnemnd m.m.

Norsk Målungdom er ungdomsorganisasjonen til Noregs Mållag (NM), og har status som fylkeslag der. Målungdomar er automatisk innmelde i NM gjennom NMU. NMU rekrutterer til NM, og når du er over 30 år, bør du halda fram som medlem i mållaget. Sambandet vårt til moderorganisasjonen er regulert av *samarbeidsavtalen* mellom NMU og NM. (Samarbeidsavtalen mellom NMU og NM finn du i kapittel 18 i denne boka.)

c) Organisasjonsstruktur:





Tilhøvet mellom organa i NMU er regulert av lovene som landsmøtet har vedteke. I tillegg til dette kan det vera distriktslag om det er tenleg. Distriktslaga skipar kurs og er bindelekkar for laga i området. I NMU har me ein godt fungerande distriktslekk på Vestlandet (Vestlandske Målungdom, VMU), og det er so smått starta nettverksbyggjing på Nordmøre og i Trøndelag (Målungdomen på Nordmøre og i Trøndelag, MUTN). Sør- og Austlandske Målungdom (SAMU) og Nordnorsk Målungdom (NNMU) er sovande i dag.

Med jamne mellomrom skipar NMU sentralt til kurs og konferansar for lokallaga. Der vert det teke opp både politiske og organisatoriske saker, og det kan vera sers lærerikt å vera med på desse tilskipingane. Dei er òg viktige for kontakten mellom lekkane i organisasjonen, og dei gjev gode høve til å utveksla røynsler med andre medlemmer.

## d) Lover, tuft, årsmelding og arbeidsprogram

*Lovene* er den organisatoriske styringsråma for NMU. Dei regulerer mellom anna foremålet for samskipnåden, har reglar for innkalling til landsmøtet, slår fast at det er alkoholforbod på tilskipingar i NMU, kor mange som skal sitja i ulike styre, og kva som skal gjerast om organisasjonen vert opployst. Lovene til NMU finn du i eit eige vedlagt hefte til lagshandboka.

*Tufta* er den politiske styringsråma for organisasjonen. Tufta djupar ut det målpolitiske og ideologiske grunnlaget meir prinsipielt og gjev arbeidet i dag ein historisk bakgrunn. Tufta til NMU finn du òg i heftet som fylgjer med lagshandboka.

Lovene og tufta kan berre briggast om nokon fremjar det som sak seks veker føre landsmøtet.

Kvart år skal landsmøtet ha føre *årsmeldinga* for føre arbeidsåret. Det er den oppsummeringa landsstyret har gjort av arbeidet i året som gjekk, og landsmøtet kan berre godkjennja henne, eller eventuelt forkasta henne (som er eit sers sterkt signal om mistillit til den sitjande leiinga). Om utsendingane på landsmøtet er usamde i vurderingane, kan dei laga merknader til årsmeldinga, som då vert førde inn i landsmøteboka.

*Arbeidsprogrammet* er den planen som fortel kva organisasjonen skal halda på med i organisasjonsåret (arbeidsbolken). Arbeidsprogrammet syner ei prioritering av kva for saksområde som er viktigast, og i kor stor mon tid og krefter skal nyttast på kvar av sakene. Arbeidsprogrammet gjeld både *sentrallekk*en (landsstyret, sentralstyret og skrifvarstova) og *lokallaga*, og må måtast til etter dei lokale tilhøva. Kvart lag bør i tillegg laga seg ein eigen arbeidsplan der det kan konkretisera det som står i det sentrale arbeidsprogrammet og føra opp eigne tiltak. Det er viktig at organisasjonen er i stand til å gjennomføra dei sakene som er omtala i arbeidsprogrammet. Dessutan må arbeidsprogrammet ikkje gå utover dei økonomiske rāmene til organisasjonen. Døme på ein arbeidsplan for eit lokallag i NMU finn du i kapittel 17.

## 4. Å starta eit målungdomslag

*For å organisera målarbeidet på skulen eller heimstaden er det å ha eit lag til stor hjelp for arbeidet. Det kan kanskje verka som det er mykje arbeid med å skipa eit NMU-lag, men det treng det ikkje å vera.*

### a) Skipingsmøte

Når de skal skipa eit NMU-lag, lyt de ha eit skipingsmøte. Om mange av medlemene i laget går på same skulen, kan de t.d. ha møtet på skulen av di det er lettare å få samla mange der. Innkalla til møtet kan de gjera ved å hengja opp plakatar på skulen, og senda ut brev i posten til dei som er medlemer. Lista over NMU-medlemene i området kan de få tilsendt frå skrivarstova. I innkallinga lyt det stå at det er eit skipingsmøte og kvar møtet skal vera. Dei som kjem, treng ikkje vera medlemer. Sentrallekken kan senda ut innbjuding til skipingsmøtet. De kan òg taka ein runde i klassane og informera om skipingsmøtet. Møtet kan vera i midttimen eller rett etter skuletid.

De kan opna møtet med ei innleiing. Nokre av dei som kjem på møtet, er kan henda på sitt fyrste møte i eit NMU-lag. Eit emne som er aktuelt å taka opp, er kva det vil seia å driva eit lokallag i NMU og korleis de kan organisera dette arbeidet. Det er òg greitt å fortelja litt om kva NMU er og står for. Om de vil, kan de få folk frå sentrallekken til å koma og halda ei slik innleiing.

Til møtet treng de eit lokale å vera i. Skulen låner ut rom gratis.

På skipingsmøtet vel dei frammotte eit styre som skal samordna arbeidet i laget.

På skipingsmøtet er det nokre faste punkt som lyt stå på saklista:

- Skiping av laget og fastsetjing av namn på laget.
- Val av (interim)styre.
- Vedtak på lover (t.d. standardlovene for lokallag i NMU, sjå side 70).

### b) Styret for laget

Til styret kan de velja leiar, nestleiar, kassastyrar, skrivar, andre vanlege styremedlemer og varamedlemer. Det viktigaste er likevel ikkje å ha alle slike formelle ombod i styret, men at laget har ein som vil vera leiar og ein kassastyrar. Kor mange som skal sitja i styret, kan de avgjera på skipingsmøtet. Eit stort lag har ofte eit stort styre, medan eit lite lag har eit lite. Her avgjer de sjølve.

Om laget ikkje får tak i folk som vil sitja i eit styre, er det mogleg å setja ned eit interimstyre (mellombels styre). Det mellombelse styret skal freista få aktivitet i laget, og finna folk som vil sitja i styret fast. Dette kan du lesa meir om på side 17.

### c) Lagsnamnet

Laget lyt ha eit namn. Mange lokallag i NMU heiter opp etter bygda, kommunen eller byen der det held til, men sume har andre kreative namn, t.d. Målungdomslaget Måltrælan (Orkanger) og MU Vitehuga (Sortland). På skipingsmøtet er det høve til å koma med fleire framlegg til namn som det kan røystast over. Det framlegget som får flest røyster, vinn. For å verta godkjent som eit lag i NMU lyt det vera minst fem medlemer i laget.

#### d) Lover og økonomi

Om laget ynskjer egne lover, er det mogleg, men NMU har standardlover som alle lag kan knyta seg til. De kan ringja skrifvarstova for å få tilsendt desse lovene om de ikkje har dei.

I tillegg bør det stå eit økonomipunkt på saklista på skipingsmøtet. Økonomiarbeid er ofte ei nedprioritert oppgåve i laga, men det er viktig for kvart lag å ha ein kassastyrar til å gjera det økonomiske arbeidet. Dersom laget har ein sjølvstendig økonomi med kassastyrar og bankkonto, får laget attende sjølve lagssatsen av medlemspengane. Årspengane frå medlemene i laget går elles til NMU. Du kan lesa meir om dette i økonomikapitlet, s. 41.

#### e) Val

Når de skal velja eit styre, kan det vera fleire kandidatar til kvart ombod (verv). Møtet *kan* då avgjera valet ved handsopprekking, men det mest vanlege er å ha skriftleg val. Kvar einskild skriv då namnet til den kandidaten ho eller han stør, på ein lapp, og røysteteljarane tel røystene kvar kandidat har fått. Den som har fått flest røyster, har vunne røystinga og fått vervet. Ved andre vedtak, som til dømes val av lover, er det vanleg å ha handsopprekking for og imot. Det er mogleg å røysta fråhaldande (dvs. lata vera å taka stode) dersom nokon vil det.

På møtet bør de òg ha eit punkt der de ordskiftet om kva laget skal gjera dei fyrste månadene. Om det er laga eit framlegg til ein arbeidsplan, kan denne planen leggjast fram til ordskifte og vedtakast på møtet. På møtet kan de koma med idear og tankar om kva laget bør gjera på skulen og i lokalmiljøet.

Vil de at nokon frå sentralstyret eller landsstyret skal koma for å halda innleiing eller hjelpe til, kan de kontakta skrifvarstova. De lyt i alle høve melde ifrå til sentrallekken når laget skal skipast.

«Når me vel eit styre i laget, er det ikkje av di berre dette styret skal taka hand om lagsarbeidet, men av di det har andsvar for at aktiviteten i laget er jamn og god.»



## 5. Å ha verv i laget

*Ofte kan det vera litt vanskeleg å vita kva det vil seia å sitja i eit lokallagsstyre eller å vera leiar i eit lokallag. Det som fylger ber, er eit oversyn over nokre hovudreglar, som de sjølvstøtt ikkje treng fylgja til punkt og prikkar.*

### a) Formell og tilfeldig organisasjon

Når me tenkjer på lag og organisasjonar, er det lett å berre hugsa på det formelle organisasjonsapparatet som leiaren, styret og andre tillitsvalde. Men organisasjonen er fyrst og fremst medlemmene – utan dei hadde det ikkje vore nokon vits å velja tillitsfolk i det heile. Når me arbeider i eit lokallag, er det mange saker som ikkje treng gå vegen innom styret i laget. I eit skulelag treng de ikkje alltid kalla inn til styremøte for å planleggja ein flygebladaksjon – det kan de ofte likso godt gjera ein gong de sit kring same bordet i ein matpause, er inspirerte og har gode idear. At nokon kjem på ein idé og avtalar med andre slik at de får sett han ut i livet, er sers ofte den mest effektive måten å få gjort ting på. Når me vel eit styre i laget, er det ikkje av di berre dette styret skal taka hand om lagsarbeidet, men av di det har ansvar for at aktiviteten i laget er jamn og god. Den jamne lagsdrifta går alltid lettare når andre òg tek initiativ. Dessutan er det mykje lettare å taka over laget eller skipa det opp att om det finst nedskrive noko om kva og korleis ting er gjorde for, t.d. i møtebøker eller brevpermar.

### b) Interimstyre

Der det ikkje er organisert noko lag, men likevel er ein del folk som er interesserte i å vera med i NMU, bør det kallast inn til eit informasjonsmøte som er ope for alle interesserte, og setja ned eit interimstyre på møtet. Interimstyret skal driva medlemsverving, oppretta kontakt med NMU og til slutt kalla inn til eit vanleg skipingsmøte. Interimstyret kan vera tre personar eller fleire, og dei deler andsvaret seg imellom alt etter kva som må til for å starta eit aktivt lag. Det viktigaste er til vanleg å verva medlemmer, skaffa seg oversyn over kva haldningar folk på skulen eller i lokalsamfunnet har til målsak/nynorsk, og gjera NMU kjend. De kan til dømes informera på allmøte eller senda rundt lister i klassane som interesserte kan skriva seg på.

Interimstyret kallar inn til skipingsmøte når det har fått tak i folk som kan sitja i det faste styret og laga framlegg til lover, arbeidsplan og budsjett. Lovene må godkjennast av landsstyret i Norsk Målungdom. Det finst *standardlover* som er greie å bruka for eit nytt lokallag. Standardlovene for lokallag i NMU finn du i kapittel 16.

Denne gjennomgangen av tillitsverv femner berre om dei vanlegaste tillitsverva. I tillegg finst det ei rad andre (mindre formelle) tillitsverv som de kan gjeva folk når det trengst. Det kan vera alt frå kaffi- og vaffelandsvarleg, som syter for at det alltid er rikeleg med kaffi og vaflar på møta, til kontaktperson i bruktboknemnda som organiserer sal av nynorske bruktbøker på skulen.

Når du vert vald til eit tillitsverv, tyder det at dei andre medlemmene har tiltru til deg. Dei meiner at du kan gjera ein god innsats for laget dykkar. Det vil seia at du òg har eit ansvar for å visa at du er verd den tillita. Ingen kan alt frå før! Dersom du har vorte sett til å gjera noko du kjenner at du ikkje meistrar, so lær deg det! Spør nokon som har gjort det for. Dersom du til dømes er kassastyrar, men ikkje veit korleis du skal setja opp eit budsjett eller knapt nok har fylt ut ein bankgiro – tak kontakt med skivarstova i Oslo, distriktslekken, få nokon som har greie på det til å læra deg korleis du gjer det, eller bruk denne lagshandboka!

### c) Styret

Styret har ansvar for det jamne arbeidet i laget, for å taka imot og svarta på post, for kontakten med skrivarstova, og for at det vert halde årsmøte. Det *kan* vera mange medlemmer av styret, men som oftast har eit lokallag 3-5 styremedlemmer. Store lag har gjerne fleire enn små. Det som er viktig er at de deler andsvaret for kva som skal gjerast til neste møte, og at de fører *møtebok* slik at de kan fylgja opp kva som skal gjerast til neste gong. Om "Lars" får i oppdrag å laga ein plakatbukk, bør *det* stå i møteboka slik at det ikkje vert utegloymt. Det kan vera ein god idé å gå gjennom dei arbeidsoppgåvene de har delt mellom dykk på slutten av kvart styremøte. Då kan styremedlemene laga seg ei eiga liste over det dei skal gjera.

Styret er eit organ som gjer vedtak i ei rad saker. I saker det er usemje om, avgjer fleirtalet. Styret bør likevel halda seg til dei vedtaka som er gjorde på medlemsmøte, årsmøtet eller landsmøtet. På det fyrste styremøtet i eit nytt styre bør de setja av god tid til å diskutera laust og fast etter de er ferdige med sjølve styresakene. Det kan vera visleg å nytta heile kvelden, gjerne gå ut og eta, eller de kan halda møtet heime hjå ein av styremedlemene. Ein slik kveld får de god uttelling for seinare: Di betre de kjenner kvarandre i styret, di lettare gliar arbeidet òg.

### d) Faste tillitsverv

*Leiaren* har ansvar for at det vert halde styremøte. Ho eller han held kontakt med skrivarstova, uttalar seg på vegner av laget, og purrar på andre styremedlemene for å få gjort dei arbeidsoppgåvene som er avtala. Andsvarsoppgåvene til ein leiar kan variera – hovudpoenget er at ein leiar syter for å taka på seg dei tinga leiaren er god til, og delegerer til andre i styret å fylgja opp det ho eller han ikkje meistrar like godt. Ein leiar har òg ansvar for å taka politiske initiativ, til dømes til nye ordskifte eller studieverksemd. Det finst ikkje nokon fasit for kva det vil seia å vera ein god leiar, men ein god leiar har ei rolle i styret som høver godt til korleis leiaren sjølv er. Det som er sams for dei fleste gode leiarar, er oversyn og evne til å dela andsvaret i styret. Likevel er det styret som fellesskap som har andsvaret for at lagsdrifta fungerer, og at vedtaka vert sette ut i livet.

I tillegg til å velja leiar kan det lona seg å ha andre faste verv i styret. Dette kan vera for særskilde saker de arbeider med (til dømes aksjonsandsvareleg eller læremiddellandsvarleg), eller det kan vera dei vanlege, formelle styreverva: Nestleiar, skrivar og kassastyrar.

*Kassastyrar* bør de velja so snart som råd for å få pengar til å ha aksjonar og annan aktivitet. Kassastyraren rår over kontoen, fører rekneskopen og har eit særskilt tilsyn med økonomiarbeidet i laget. Sjå elles kapitlet om økonomi s. 41.

I mange styre kan det vera greitt å ha ein fast skrivar. *Skrivaren* fører i regelen møteboka, og har oversyn over brevkiftet: Kva post som har kome inn, og kva som er sendt ut. Brevkiftet kan setjast inn i ein ringperm. Det kan òg vera greitt å ha ei eiga brevbok (journal) der post inn og ut vert ført når brevkiftet byrjar få eit visst omfang.

Det er dessutan mogleg å velja *nestleiar*. Nestleiareren er leiar når leiaren ikkje kan vera til stades. Det tyder sjølvsgagt at nestleiareren lyt halda oversyn over kva som til kvar tid hender. Elles må oppgåvene til nestleiareren leggjast opp etter kven ho eller han er.

Det som de likevel bør taka utgangspunkt i, er at de deler ansvar i styret alt etter kva de skal gjera. Når de skal ha gjort noko, må ein styremedlem få ansvar for det. Dette spørsmålet kan de løysa ved å ha ei fast andsvarsdeling i styret, men noko må de avtala dykk imellom på kvart

styremøte. Det er ikkje noko mål i seg sjølv å velja t.d. skrivar i styret. Dette gjer de når de har lagslover som krev det, eller når de meiner arbeidet i styret er tent med det. Les meir om *styremøte* på side 22.

### e) Andre tillitsverv

I tillegg til å velja folk til styret bør årsmøtet velja nokre varamedlemmer som kan møte når nokon er sjuke, eller gå inn i styret om nokon av styremedlemmene seier frå seg ombodet. I mange høve kan det vera greitt å velja ei valnemnd sett saman av folk som kjenner folk i laget godt. Valnemnda skal koma med framlegg til nytt styre på det neste årsmøtet.

De kan òg freista draga i gang faste arbeidsgrupper i laget. Dei kan til dømes planleggja og organisera aksjonar og studieringar. Når folk melder seg inn i laget, er det ofte slik at dei har hug til å vera med og gjera noko endå dei kan vera skeptiske til å taka på seg eit styreverv. Då er gjerne det å vera med i ei fast arbeidsgruppe midt i blinken, og på denne måten kan de syta for jamt tilsig av arbeidsviljuge folk.

### f) Tillitsverv på møte

Når de held møte, anten det gjeld styremøte, lagsmøte og ope møte, vel de fyrst motestyrar og møteskrivar. Desse to (eller eventuelt fleire) samarbeider so om å få gjennomført møtet på ein mest mogleg vellukka måte.

*Møtestyraren* styrer ordet på møtet, og fører talarliste. Møtestyraren skal syta for at alle sakene på saklista vert forsvarleg drøfte, og at de får gjort vedtak der det er naudsynt. Ho eller han skal òg sjå til at de held tidsråma og ikkje brukar for lang tid på nokon av sakene.

For å få til dette bør møtestyraren gå gjennom og få vedteke saklista som fyrste sak på møtet. Når møtet har vedteke ei sakliste, held møtestyraren seg til denne lista, og skjer igjennom når folk tek opp saker som fell utanom. Etter at saklista er vedteken, lagar møtestyraren eit grovt tids-skjema for møtet, der det vert sett av mest tid til dei viktigaste og vanskelegaste sakene. Når alle har fått sagt sitt i ei sak, og alle argumenta er komne fram, kan møtestyraren gjerne gripa inn i ordskiftet med framlegg om røysting. Vedtaksframlegg bør skrivast og lesast opp av ordstyraren føre røystinga.

*Møteskrivaren* skal føra opprit (møtebok/protokoll) for møtet. Det viktigaste er å få med kva saker som vart drøfte, kva vedtak som vart gjorde, og kven som vart valde eller fekk tildelt andsvarsoppgåver. Sume gonger bør de skriva ned kven som hadde ordet, og hovudpoenget i innlegga deira.

På møte i forsamlingar som skal gjera vedtak, slik som styre- og årsmøte, har kvar einskild rett til å få synsmåtar og merknader med i møteboka. Dette kallar me protokollmerknader. Møteskrivaren skal i tillegg til å føra møteboka syta for å taka imot og få slike merknader med i møteboka.



«Møta må gjeva deltakarane noko  
– dei må læra noko, ha spanande  
ordskifte og verta kjende med nye  
i laget.»



## 6. Kva kan laget gjera? Del I: Møte og tilskipingar

*I dette kapitlet skal me seia noko om kva møte og tilskipingar er for noko og korleis me kan nytta møteverksemd og tilskipingar i lagsarbeidet. Me vil òg gjeva praktiske råd til møteverksemd og organisering av tilskipingar.*

### a) Møteverksemd

Dei fleste som høyrer ordet organisasjonsarbeid, tenkjer på møteverksemd. Det er heilt rett, for å skipa til og vera med på møte er ein stor del av organisasjonsarbeidet. Men altfor ofte er det òg det einaste som vert gjort i ein organisasjon. Då går det gale. Om me skal vera med i NMU av di me tykkjer det er mota i seg sjolve som er morosame, kan me heller melda oss inn i ein sykklubb. Alle møta i laget bør nyttast til å skapa meir *aktivitet*. Me er sjølvsagt med i NMU av di me vil snu om på målstoda: Me vil at folket i Noreg skal skriva nynorsk, og so lenge nordmenn ikkje gjer det, må me *arbeida for* at dei skal gjera det. Men det er ikkje slik at alle arbeidsformer gjev like gode resultat. To døme:

1) Laget ditt har lærebokaksjonar til skulestart, som vanleg. De har fått tilsendt flygeblad frå NMU, og nyttar ein dag på å etla dei ut i friminutta på skulen. Etter ei stund tenkjer de: "Oi, me vervar ikkje nokon på dette – kvifor gjer me det ikkje annleis?" De oppdagar at de ikkje har planlagt aksjonen godt nok. De har ikkje hatt eit skikkeleg møte for å ordskiftast om korleis aksjonane var *i fjor*, og kva de kan gjera i år for å engasjera kameratane dykkar.

2) Laget ditt har faste møte kvar veke, ofte fleire gonger i veka òg. På kvart møte ordskiftest de bra, om dialekten på staden de kjem ifrå, om ideologi i norsk målreising osv. Men de gjer aldri noko meir. Etter ei stund tenkjer de: "Oi, me vervar då ingen på dette, me sit berre og pratat!" De oppdagar at de må nytta møta til å planleggja aktivitet. De må gjera noko som markerer laget og vervar folk til NMU.

Dette er døme på at møteverksemd alltid må vera knytt til praktisk målarbeid, og motsett: Det meste av det praktiske målarbeidet bør vera planlagt på møte.

### Alle møte må ha eit mål

Før de set eit møte, må de vita kva de vil med det. Altfor mange held møte av di dei trur dei *må*, og då vert det jamnast eit sers dårleg møte. Deltakarane veit ikkje kvifor dei er der og kva dei vil med møtet. Slik er det vanskeleg å planleggja aktivitet og gjera medlemene andsvarsmedvitne.

### Gjer møta interessante og morosame

For at folk skal orka å koma på møte, ofte etter ein lang skuledag, må dei kjenna at arbeidet deira er verdt noko. Møta må gjeva deltakarane noko – dei må læra noko, ha spanande ordskifte og verta kjende med nye i laget. Det er avgjerande at det sosiale fungerer, alle må kjenna seg viktige, og det skal vera triveleg å vera med på møte.

### b) Arbeid i laget

I alt organisasjonsarbeid skil me mellom arbeid *i* laget og *utetterretta* (*ekstern*) arbeid. Litt enkelt kan me seia at arbeidet *i* laget skal styrkja og bu medlemene til aktivitet. Møta i laget lyt nyttast til skulering og planleggjing av utetterretta arbeid. Ein god regel er difor å ha eit lagsmøte *før* eit ope

møte eller eit kurs, og eit lagsmøte *etter* tilskipinga. Til arbeid i laget høyrer styremøte, lagsmøte, studiemøte og årsmøte.

## Styremøte

Styret skal til domes arkivera posten, søkja om pengestønad, tinga tilfang og kalla inn til lagsmøte. Det er styret som skal syta for at vedtaka og planane frå lagsmøta vert sette ut i livet. Det tyder ikkje at det berre er styremedlemene som skal arbeida i eit lag; det tyder heller ikkje at det er dei som må gjera dette arbeidet. Men det er dei som har andsvar for at arbeidet vert gjort, dei har andsvar for å *delegera* arbeidet. Difor er det viktig at styret arbeider jamt og trutt. For å få det til er det klokt å ha faste styremøte.

### Råd til styremøte:

- Ha faste styremøte, t.d. i ein fritime på skulen.
- Lag sakliste for møtet.
- Gå gjennom saklista føre møtet for å få med alle viktige saker.
- Ha klårt for dykk kva de vil ha ut av møtet.
- Del oppgåvene.
- Gjer vedtak i viktige saker.
- Fastset neste styremøte.

## Lagsmøte

Lagsmøta er eigenleg dei viktigaste møta i NMU. På lagsmøta samlar medlemene seg for å avgjera kva laget skal gjera. Det er lagsmøtet som skal leggja oppgåver på styret. Det er viktig at lagsmøta både er politisk/ideologisk skulerande, og at dei vert nytta til å planleggja aktivitet. Soleis kan møta kveikja og styrkja medlemene til aktivitet utetter. Men det er òg sers viktig at møta er sosiale: Medlemene må ha hug til å koma. Alle lag må finna sin måte å skipa til lagsmøte på, men ein ting er visst: Utan gode og inspirerande lagsmøte vil ikkje eit lag leva lenge.

### Råd til lagsmøte:

- Ha møte med jamne mellomrom.
- Send innkallinga i god tid.
- Skriv ei triveleg innkalling slik at folk vil koma.
- Send ut saklista med mål for møtet.
- Vel møteleiar og skrivjar.
- Ha ei innleiing med politisk ordskifte etterpå.
- Ha idédugnad og legg planar.
- Konkretiser ordskifta og fordel ansvaret.
- Gjer vedtak.

## Studiemøte

Det er viktig at laget driv studiearbeid, ofte kan det vera nyttig å ha eigne studiemøte for å få sett av godt med tid til ordskifte. Eit studiemøte kan organiserast på same måten som eit lagsmøte,



Lagsmøte i Studentmøllaget i Bergen

berre at ein hugsar på å senda ut studietilfang på førehand, og at nokon vert beden om å laga ei lita innleiing om emnet til møtet. Les meir om studiearbeid på side 35.

## Årsmøte

Årsmøtet er som eit vanleg medlemsmøte med ein del formalitetar i tillegg. Årsmøtet er det øvste organet i laget. Det er viktig at innkallinga til årsmøtet går ut i god tid, minst 14 dagar føreåt er vanleg. Framlegg til brigde (endring) av lovene skal òg sendast inn (til styret) innanfor denne fristen om ikkje anna er sagt i lagslovene. Årsmøtet skal taka opp årsmeldinga, rekneskapen, arbeidsplanen, budsjettet, eventuelle lovbrigde, medlemspengesatsen, val, og fråsegner (politiske utspel/opne brev til pressa, styremaktene eller andre organisasjonar) dersom det er framlegg om det.

Årsmeldinga er den oppsummeringa styret har av arbeidet. Årsmøtet kan koma med merknader, men det skal elles berre godkjenna henne (evt. forkasta henne ved grov mistillit). Det same gjeld for rekneskapen. Planane laget har framover, står i arbeidsplanen. Det skal årsmøtet vedtaka, og her er det høve til å koma med framlegg til brigde. Det same gjeld budsjettet. Det er viktig at det er samsvar mellom budsjettet og arbeidsplanen. Om det har kome framlegg til lovbrigde, ly

desse framlegga røystast over før arbeidsplanen og budsjettet kjem opp til vedtak. Årsmøtet lyt taka stilling til kor høg medlemspengesatsen til lokallaget skal vera det komande året. Tilrådd medlemspengesats i 2000 er kr 20 (den sentrale er kr 30). Valnemnda kjem med framlegg til nytt styre og utsendingar til landsmøtet i NMU. Styret kjem med framlegg om ny valnemnd. Om laget vil uttala seg politisk eller organisatorisk om ei sak, gjev det større tyngd om årsmøtet sender ei fråsegn enn om eit vanleg medlemsmøte gjer det. Les meir om landsmøtesakene i kapitlet "Kva er Norsk Målungdom?" på side 13.

### c) Utetterretta arbeid (eksternt arbeid)

Utetterretta arbeid skal setja folk i kontakt med og få dei til å melda seg inn i Norsk Målungdom. Til det utetterretta arbeidet høyrer opne møte og kurs.

#### Opne møte

Opne møte er møte der det òg kan koma folk som ikkje er medlemmer i Norsk Målungdom. Meininga med eit opne møte er å draga nye folk til NMU. Difor er det viktig at emnet for møtet når ut til målgruppa. Det er ikkje klokt å ha t.d. "Landsmøtet i Norsk Målungdom" som emne for eit opne møte av di emnet truleg berre vil vekka interessa til folk som alt er medlemmer. Det er viktig å arbeida medvite for å finna emne som de trur folk er interesserte i, og som dei vil koma på møte for å høyra meir om. Hugs at opne møte skal presentera Norsk Målungdom for nye folk, difor er det viktig å gjeva informasjon om NMU.

Det viktigaste elementet i arbeidet med ei tilskipping er *mobiliseringa* (arbeidet for å få folk til å koma på møtet). Det finst mange måtar å driva godt mobiliseringsarbeid på. Hovudpoenget er at flest mogleg ungdomar skal vita om møtet på førehand, og at dei som de trur kan vera interesserte, vert inviterte til møtet. På nokre skular kan elevane få låna høgtalaren til å reklamera for møtet. De kan òg hengja opp plakatar, etla ut flygeblad og gå rundt i klassane og informera om møtet.

#### Råd til opne møte:

- Arbeid med å finna eit godt emne for møtet.
- Del arbeidsoppgåvene til møtet.
- Mobiliser folk.
- Få tak i tilfang om Norsk Målungdom.
- Finn innleiar til møtet tidleg (skrivarstova kan hjelpa dykk om de treng det).
- Få tak i møtelokale i god tid.
- Lag plakatar og flygeblad tidleg.
- Ha gjerne kulturinnslag på møtet.
- Ordna med mat og drykk.
- Avgjer på førehand kven som skal vera møtestyrrar.

#### Kurs

Eit kurs er ei tilskipping der me set oss nøye inn i ulike emne, ofte over ei helg. Kurs i Norsk Målungdom kan anten vera berre for medlemmer, eller opne for andre òg. Det vil sjølvstgt variera ut



frå kva målet med kurset er. I Norsk Målungdom har me oftast grunnkurs i målreising (vinterleir), grunnkurs i lagsbyggjing og norskkurs. Å skipa til eit kurs er ei heller stor oppgåve for eit lag, so om laget ikkje har mange medlemmer, kan det vera gjevande å samarbeida med andre lag i distriktet. Når de skal skipa til kurs, er det viktig å tenkja gjennom kva de vil med kurset, og kva laget treng: Dersom det er mange nye medlemmer i laget, treng dei truleg å diskutera og læra meir grunnleggjande om målreisinga. Då vil det vera nyttig å skipa til grunnkurs i målreising. Eller er det slik at alle i laget kan ein del om målsak, men ingenting om korleis dei skal byggja eit lokallag? Då høver det best å skipa til grunnkurs i lagsbyggjing, mest retta mot dei som er medlemmer. Når de har funne ut kva emnet for kurset skal vera, lyt de starta arbeidet med organiseringa. Å organisera eit helgekurs er sjølvstøtt meir omfemnande enn å organisera eit ope møte. De skal førebu fleire innleiingar (stutt føredrag eller innlegg som start på eit ordskite), fleire ordskite, og ordna mat og sosialt samvær for ei heil helg.

#### Råd til kurs:

På slike tilskipingar som kurs kan det vera kjekt å dela inn i andsvargrupper t.d.:

Politisk gruppe som kan:

- skaffa innleiingar.
- laga gruppespørsmål.
- laga førebuingstilfang.
- skaffa tilfang om Norsk Målungdom.

Mobiliseringsgruppe som kan:

- laga plakatar/flygeblad.
- skriva innbodingsbrev til kontaktpersonar og medlemmer.
- ringja kontaktar og medlemmer.

Teknisk gruppe som kan:

- skaffa lokale til kurset.
- melda inn kurset til Folkekulturforbundet, sjå s. 45.
- laga budsjett, handla mat.
- laga liste over småting de må hugsa å taka med.
- syta for kart, oppmerkjing og eventuelt transport.

Kulturgruppe som kan:

- planleggja sosiale aktivitetar.
- førebu kulturinnslag eller aktivitetar.
- laga songhefte eller taka med songbok.
- syta for at alle deltakarane kjenner seg heime i miljøet.

## 7. Kva kan laget gjera?

Del II: Aksjonar

*Ein viktig del av all målungsaktivitet er å verva nye ungdommar til NMU og konfrontera fleire med målpolitikken vår. Det gjer me best ved å organisera aksjonar. I dette kapitlet skal me sjå på korleis de kan organisera ein aksjon, og koma med framlegg til ulike typar aksjonar.*

### a) Korleis planleggja?

Sams for mange aksjonar er at dei er tilfeldige. De har prata med nokre vener og saman funne ut at de må ha ei markering. Og so har de aksjon, ferdig med det. Problemet med å arbeida slik er at det då er heilt tilfeldig om de får spreidd tilfanget godt nok, om folk legg merke til dykk og om de vervar medlemmer. Slik treng det ikkje vera – de kan nytta kunnskapane i heile laget til å planleggja.

Når de skal gjennomføra aksjonar, men òg andre lagsaktivitetar, er det viktig å ha ein framdriftsplan som denne:

1. Analyse av stoda på heimstaden.
2. Idédugnad.
3. Konkretisering.
4. Gjennomføring.
5. Oppsummering.

Lat oss sjå på korleis de kan gå fram når de skal organisera ein aksjon i laget dykkar.

### b) Hønegrenda MU skipar aksjon

Hønegrenda MU har møte før skulen sluttar. Der vel laget ny leiari som får andsvar for å kalla inn medlemene til lagsmøte ei veka føre skulestart. På motet vel dei ein person som skal senda brev til og tala med lærarane og bokhandelen for å få dei til å velja bøker som finst på nynorsk.

Veka føre skulestart har laget lagsmøte der dei skal planleggja ein aksjon mot språkkløyvede lærebøker og for reine nynorske lærebøker. Dei startar då med å analysera laget, peika på ålmenne og konkrete problem dei støyter på i målarbeidet, og ut ifrå det dei finn ut, set dei seg klare mål for aksjonen.

#### 1) Analyse av stoda på heimstaden

##### Kven er me?

Me lyt alltid starta med å finna ut kva sterke og veike sider laget har. Hønegrenda MU spor til domes:

- *Alder.* Er det nok fyrsteklassingar med i laget? Kan me få problem når skuleåret er slutt og dei eldste reiser bort?
- *Kjønn.* Er det berre jenter med i laget? Kva er det som gjer at gutane ikkje vil vera med?
- *Skulering.* Kan me nok om lærebokstoda?
- *Tid.* Når kan me samlast til aksjonar og lagsmøte? Har t.d. alle fritime samstundes?
- *Økonomi.* Kor mykje pengar har me? Er det nok til aksjonar og andre ting me vil gjennomføra? Lyt me søkja vaksenmållaget om pengar?

Når de har analysert stoda i laget, er det mykje lettare å finna ut kva de kan gjera og kva de *ikke* kan gjera frametter. Og de veit kva de må gjera for å styrkja laget.

### Kva for problem har me?

Når de veit kven de er, må de finna dei konkrete problema som de støyter på i skulekvardagen. Det er mykje lettare å arbeida målretta om de veit på forehand kva som er problema.

For Hønegrenda MU kan problema t.d. vera:

- *Likesala*: Kvar gong dei freistar argumentera, får dei høyra at språk ikkje er viktig. Kva gjer dei for å bryta ei slik tenkjing?
- *Fordomar*: Dei vert møtte med fordomar som at nynorsk er grautmål, vestlandsmål, gamaldags ... Korleis skal dei knusa desse fordomanene?
- *Lærarar*: Lærarane vel pensumbøker som berre finst på bokmål. Korleis få dei til å velja bøker som finst på nynorsk?
- *Bokhandelen*: Bokhandelen tek ikkje inn nynorskbøker for dei veit at dei kan tena pengar på det. Korleis få til ei låncordning som gjer at nynorskelevane kan låna bokmålsbøker til nynorskbøkene kjem?

### Målet med arbeidet og aksjonen

De lyt heile tida repetera for dykk sjølve kva de vil med å arbeida i laget. Slik vert de heile tida nøydde til å forsvara dykk og tenkja nytt kring argumentasjonen dykkar. Det er sers viktig å setja dykk konkrete målsetnader for dei tinga de gjer. Slik vert det lettare å oppsummera om aksjonen var vellukka eller ei av di de kan spørja om de nådde måla de sette dykk.

Hønegrenda MU spør seg:

- Kva vil me med arbeidet i laget? Vil me at alle skal velja nynorsk, og/eller at dei som skriv nynorsk, skal få same rettane som bokmålslevane? Er dette standpunkt me er samde i? Når me godt nok ut med argumentasjonen vår?
- Kva mål skal me setja oss for aksjonane? At me får markert laget? At me får elevane til å kjøpa nynorske lærebøker? Kor mange skal me ha målsetnad om å verva? Kor mange flygeblad skal me etla ut?

Med svar på slike spørsmål i bakhovudet kan de starta planleggjinga av ein aksjon. De må leggja planar som byggjer på kva laget kan makta å gjera og som botnar i ein analyse av kva som trengst på skulen dykkar. Når de har laga planar som er moglege å gjennomføra og som har konkrete målsetnader, vert det lettare å oppsummera og læra av mistaka i arbeidet.

## 2) Idédugnad

Etter å ha analysert laget, målstoda på skulen og sett seg konkrete målsetnader for aksjonen, har medlemene i Hønegrenda MU idédugnad, der dei kjem med mange gode framlegg til korleis dei best mogleg skal nå måla dei har sett seg. Ofte kjem det framlegg som er veldig morosame, men av di dei no veit kva dei *kan* gjennomføra, vert nokre av desse framlegga utsette til ein annan

gong. Etter ei stund finn dei ut at ein utradisjonell aksjon kan få opp augo på mange elevar. Laget avgjer at dei vil ha ein stor aksjonsdag for å vekkja elevane, for so å mobilisera dei til aksjon mot språkkloyvde lærebøker og til å kjøpa nynorskbøker. Dei set difor opp ein tostegsplan.

### Aksjon

Like etter skulestart skal aktivistane i Hønegrenda MU ha aksjon. Dei skal samla inn underskrifter mot det nye framlegget til opplæringslov. På flygebladet skal det stå informasjon om det opne møtet som skal vera neste dag.

## AKSJONAR

### 1) Anglonorskaksjonar

Aksjonar mot at engelske ord vert tekne inn i målet, der me oppmodar folk om å bruka norske ord i staden.

### 2) Læremiddelaksjonar

Aksjonar som me som oftast har ved skulestart, der me aksjonerer for at lærebøker på nynorsk og bokmål skal koma til same tid og same pris, og der me oppmodar folk om å kjøpa nynorske lærebøker.

### 3) Verveaksjonar

Aksjonar der målet er å verva mange folk på kort tid. Me etlar ut flygeblad, hengjer opp plakatar og lagar mykje blest om oss sjølve.

### 4) Dialektaksjonar

Aksjonar der me oppmodar folk om å nytta dialekten sin og taka vare på gode ord i staden for å knota (leggja dialekten opp mot bokmålet).

### Oppe møte

Dagen etter aksjonen skal dei skipa til oppe møte i ein fritime der ei(n) frå laget held innleiing om opplæringslova, og om kva elevane kan gjera for å markera seg mot henne. Heile dagen skal dei ha bokdisk der dei sel brukte nynorskbøker og deler ut gratis bollar til dei som kjøper bøker.

### 3) Konkretisering

Etter å ha diskutert planane og flira mykje av korleis nokre av dei verste nynorskhatarane på skulen vil reagera, tek laget ein runde på kva som trengst til aksjonen og møtet. Dei finn ut at dei treng:

- Løyve til å halda aksjonen.
- Flygeblad – eitt dei må laga sjølve om det opne møtet, og eitt frå NMU sentralt om nynorske lærebøker.
- Plakatbukk.
- Bøker.
- Underskriftslistar.
- Bollar.
- Kontakt med elevrådet for å få rom til det opne møtet og for å få dei til å stø aksjonen.
- Pressemelding.



Når de har analysert stoda i laget, er det mykje lettare å finna ut kva de kan gjera og kva de *ikkje* kan gjera frametter. Og de veit kva de må gjera for å styrkja laget.

### Kva for problem har me?

Når de veit kven de er, må de finna dei konkrete problema som de støyter på i skulekvardagen. Det er mykje lettare å arbeida målretta om de veit på førehand kva som er problema.

For Honegrenda MU kan problema t.d. vera:

- *Likesala*: Kvar gong dei freistar argumentera, får dei høyra at språk ikkje er viktig. Kva gjer dei for å bryta ei slik tenkjing?
- *Fordomar*: Dei vert møtte med fordomar som at nynorsk er grautmål, vestlandsmål, gamaldags ... Korleis skal dei knusa desse fordomane?
- *Lærarar*: Lærarane vel pensumbøker som berre finst på bokmål. Korleis få dei til å velja bøker som finst på nynorsk?
- *Bokhandelen*: Bokhandelen tek ikkje inn nynorskbøker før dei veit at dei kan tena pengar på det. Korleis få til ei låneordning som gjer at nynorskelevane kan låna bokmålsbøker til nynorskbøkene kjem?

### Målet med arbeidet og aksjonen

De lyt heile tida repetera for dykk sjølve kva de vil med å arbeida i laget. Slik vert de heile tida nøydde til å forsvara dykk og tenkja nytt kring argumentasjonen dykkar. Det er sers viktig å setja dykk konkrete målsetnader for dei tinga de gjer. Slik vert det lettare å oppsummera om aksjonen var vellukka eller ei av di de kan spørja om de nådde måla de sette dykk.

Honegrenda MU spør seg:

- Kva vil me med arbeidet i laget? Vil me at alle skal velja nynorsk, og/eller at dei som skriv nynorsk, skal få same rettane som bokmåselevane? Er dette standpunkt me er samde i?
- Når me godt nok ut med argumentasjonen vår?
- Kva mål skal me setja oss for aksjonane? At me får markert laget? At me får elevane til å kjopa nynorske lærebøker? Kor mange skal me ha målsetnad om å verva? Kor mange flygeblad skal me etla ut?

Med svar på slike spørsmål i bakhovudet kan de starta planleggjinga av ein aksjon. De må leggja planar som byggjer på kva laget kan makta å gjera og som botnar i ein analyse av kva som trengst på skulen dykkar. Når de har laga planar som er moglege å gjennomføra og som har konkrete målsetnader, vert det lettare å oppsummera og læra av mistaka i arbeidet.

## 2) Idédugnad

Etter å ha analysert laget, målstoda på skulen og sett seg konkrete målsetnader for aksjonen, har medlemene i Honegrenda MU idédugnad, der dei kjem med mange gode framlegg til korleis dei best mogleg skal nå måla dei har sett seg. Ofte kjem det framlegg som er veldig morosame, men av di dei no veit kva dei *kan* gjennomføra, vert nokre av desse framlegga utsette til ein annan

## 8. Kva kan laget gjera?

Del III: Å skriva for laget

*Dei fleste som bøyrrer om NMU for fyrste gong, møter oss gjennom det skriftlege tilfanget vårt. Difor er den skriftlege presentasjonen eit viktig andlet utetter. I dette kapitlet skal me gjeva råd om korleis de kan gå fram for å nytta skrivning i lagsarbeidet, til dømes i pressearbeidet.*

### a) Skrivning viser fram laget

Vellukka informasjon må vera konsentrert i form og gjennomtenkt i innhald. Å skriva for laget er soleis nyttig skulering for medlemene i laget. Gjer det til ein del av arbeidsrutinane å nytta so mange sjangrar som mogleg, og lat oppgåvene gå på rundgang. Det kan vera ei sosial og hugnadssam side av lagsmøta å ponska ut flygebladidear eller teikna på plakatar. Det er utbyterikt at mange er med på idédugnaden for å finna gode, slående overskrifter. Lat dei dårlege ideane myldra. Den gode ideen kjem ikkje med ein gong!

Lag dykk eit lagsarkiv med gamle slagord, flygeblad, lesarbrev, illustrasjonar og gode påfunn. Del denne skatten med skrivarstova og andre lag, og nytt flittig arkivet i Oslo som idébank.

So langt kapasiteten rekk, lyt de produsera mykje av tilfanget (flygeblad, plakatar) sjølve. Skrivarstova hjelper dykk med å bladbu ("brekka om") teksten og kopiera arka dersom det er naudsynt. Det meste som vert laga sentralt, er mynta på heile landet. Det er lokallaga som kjenner dei lokale tilhøva og som difor har det beste høvet til å laga tilfang som råkar målgruppa dei vil nå ut til.

Når de lagar skriftleg tilfang, er det viktig å tenkja etter *kven* de vil nå ut til. Kven er målgruppa? Kva er ho oppteken av? Korleis er målgruppa innstilt til nynorsk? De vil fort kunna merka at dette arbeidet tvingar dykk til å tenkja over korleis de argumenterer. Difor får det truleg ringverknader både for vervearbeidet og for det målpolitiske ordskiftet.

### b) Pressemelding

Bed alltid nokon frå lokalavisa om å koma når de aksjonerer eller har større tilskippingar. Når det hender noko som vedkjem målungdomslaget, ring til lokalavisa og bed om å få gjeva ein kommentar. Gjer det med ein gong, elles er det ikkje lenger eit nyhende. Det er nyttig å verta kjent med ein journalist og gjeva ho/han alle tipsa, for vert de kjende, får de merksemd, og får de merksemd, vert de kjende med fleire.

Pressemeldinga tyr de til når det har skjedd eller skal skje noko stort som omverda lyt få høyra om. For å finna ut om de har ei sak som kan kallast eit nyhende, kan de prøva saka mot desse kriteria:

- Eit nyhende ligg nært i tid.
- Eit nyhende ligg nært i rom.
- Eit nyhende er viktig for publikum.
- Eit nyhende er overraskande.
- Eit nyhende er forståeleg.

Døme på slike nyhende kan vera aksjonar, årsmøte eller andre lokale tilskippingar. Syt for at aviser eller kringkasting som får pressemeldinga, lett kan kontakta dykk for meir informasjon.

Ei pressemelding skal vera aktuell, ha interesse for folk utanom målørsla og handla om berre ei sak. Konklusjonen skal koma fyrst og ha litt snert over seg. Gjer framlegg om ei slående og

informativ overskrift sjølve. Overskrifta og dei to fyrste setningane skal fortelja det viktigaste. Hugs at det bør høyrast spanande ut! Fleire detaljar kjem de med seinare i teksten. Dei fleste sakene som vert tekne inn i notisspalter, vert ofte kutta bakanfrå... I pressemeldingar nyttar me direkte tale.



Overskrifta og ingressen skal vera kortast og innehalda det viktigaste.

#### Mistak som mange ofte gjer med pressemeldingar:

- Dei er for lange, slik at lesaren dett av.
- Dei har feil disposisjon.
- Dei er skrivne på eit tungt språk.
- Dei har for mange detaljar.
- Dei føreset at bakgrunnen og samanhengen er kjent for alle.

#### c) Lesarbrev

Det er låg terskel for å få inn lesarbrev i lokalavisene, og det de skriv, vert lese av mange i distriktet. Skriv med jamne mellomrom til lokalavisa. Varier mellom å skriva innlegg der de fortel kva de driv med, stutte innlegg og innlegg med meir solide argumentasjonsrekkjer. Hent elles inspirasjon frå utspel riksmålsfolk har kome med, frå medlemsbladet til NMU, *Motmale*, *vekeavisa Dag og Tid*, medlemsavisa til Noregs Mållag, *Norsk Tidend*, eller frå andre blad og aviser.

#### d) Fråsegner

Når ein motelyd gjer eit vedtak der dei uttalar seg om ei politisk (eller organisatorisk) sak, er det tale om ei *fråsegn*. Me skil mellom eksterne fråsegner som vert sende ut til andre organisasjonar eller til pressa, og interne fråsegner som er til bruk i organisasjonen. Som oftast krev me at fråsegnane inneheld ei klårt formulert meining med grunngjeving.

## e) Hugsereglar når de skriv:

- Tenk på målgruppa de skriv til. Innlegget må vera på eit nivå som gjer at lesaren kan forstå det som de skriv.
- Gjev lesaren bakgrunnen for saka.
- Styr unna for hogtflygande resonnement.
- Innlegget må vera logisk oppbygd, – lesaren må kunna finna ein raud tråd i det som de skriv.
- Det er bra om lesaren kan identifisera seg med det de skriv, eller i alle fall sjå at det er noko som vedgår han.
- Lesaren må forstå kvifor dette er viktig.
- Lesarprosenten stig dersom det fylgjer bilete med innlegget.

## f) Flygeblad

Framsida til eit flygeblad skal vekkja nyfikna med ei stutt overskrift og ein god illustrasjon. Her vil eit idéarkiv vera til verkeleg stor hjelp! Teksten må ikkje vera for massiv. Få luft i han, bruk avsnitt og bryt av med små illustrasjonar og underoverskrifter. Informasjon om anna enn det sentrale emnet de tek for dykk, bør de helst plassera i råmer. Ha gjerne ei fast rute på baksida der de fortel litt om laget og NMU, med plan over kva som skal henda i tida frametter.



## g) Plakatar og veggaviser

Der de får lov å henga opp slikt, tevlar de ofte med mange andre. Nytt sterke fargar, store bokstavar og gjerne uventa vinklingar.

Dersom det er høve til det, kan det svara seg å "okkupera" ein fast plass på oppslagstavla. Der kan de laga ei ven råme og skriva lagsnamn og slagord. Innanfor råma har de plass til oppslag som vert bytt ut jamleg. Til dømes laga Studentmållet i Bergen (SmB) ei slik der det stod: "Universitetet i Bergen som verdas fyrste nynorske universitet – Studentmållet i Bergen." Elles hengde dei opp ei liste med ti gode grunnar til å skriva nynorsk, ei Hårekstripe og lommer til flygeblad.

Veggavistekstar kan elles vera informasjon om møte, utdrag av innhaldet i flygebladet, gode oppslag frå målpressa, humor – eller ferdigprenta veggaviser frå NMU.



## h) Bruk medlemsbladet Motmæle

Skriv sjølve i *Motmæle*. Bladet treng organisasjonsstoff, og eit av poenga med bladet er at medlemene kjem med gode idear; so skriv og fortel kva laget ditt har gjort. Legg gjerne ved gode illustrasjonar. Det er ikkje minst viktig at de skriv lesarbrev og svarar på innlegg som har stått i bladet. På den måten kan de vera med og påverka ordskifta i organisasjonen. Dersom bladet fungerer godt som medlemsblad, kan det vera ei god inspirasjonskjelde til dykkar eige skrivearbeid.

## i) Internett

Mange får etter kvart tilgjenge til internettet og får høve til å kommunisera ved hjelp av elektronisk post. Dei tek del i ordskifte i diskusjonsgrupper (News groups) og surfar på verdsveven (www). Dersom nokon i lokallaget har høve til det, er det ein idé å laga ei heimeside for laget dykkar. Dette kostar lite, og informasjonen vert lesen (kan verta lesen!) av sers mange. Sjå på heimesidene til andre organisasjonar og lær av dei!

Informasjonsarbeid skal syna folk utanfor målrørsla kva målrørsla og lokallaget dykkar står for og driv med. Skrivninga er òg ein måte å driva folkeopplysning på. Veit ikkje folk at me finst, kan dei korkje stø oss eller melda seg inn! Skriv *nei*! Hugs at øving gjer meister.

The image shows two overlapping screenshots of web browsers. The top-left screenshot displays the website for 'MÅLSTRILANE' with a navigation menu and a list of members. The top-right screenshot shows the website for 'Studentmållaget i Bergen', featuring a large title and a list of links and information. The bottom-left screenshot shows a list of members for Målstrilane, including names and contact details. The bottom-right screenshot shows the 'Studentmållaget i Bergen' website with a large title and a list of links and information.

**MÅLSTRILANE**

Heimesidene åt Målstrilane og Studentmållaget i Bergen, slik dei såg ut 5. mars 2000.

**Studentmållaget i Bergen**

Studentmållaget i Bergen (SnaB) kjempar for det nynorske språket og dialektane. Målet er å vanna folk på [Ungarnettet i Bergen](#) - og i Noreg elles - for mål- og det nynorske sdegrundlaget. SnaB er eit lokallag av Norsk Målbevegelse og Noreg Målleg og er soltst ein del av den landdekkande målørsla.

**Calenderen (18.01.2000)**  
No har me oppdatert [kalenderen](#).

**Årsmøte (13.10.99)**  
Kvar laust held studentmållaget årsmøte. Det vart vakt nytt styre, nytt arbeidsprogram vart vedteke o.s.v. Her kan du lesa [styrets](#) årsmøte.

«Utan å driva medviten studie-  
verksemd vert det praktiske mål-  
arbeidet mykje godt retningslaust.»

# 9. Kva kan laget gjera?

## Del IV: Studiearbeid

*Alle som skal driva målarbeid, vert nøydde til å argumentera for målsaka og forsvara synsmåtane sine. Sidan det ikkje er slik at me går inn i NMU med ferdiglaga argument og målstandpunktet endeleg fastslage, er me alle nøydde til å driva studieverksemd. Slik kan me verta flinkare til å argumentera og tryggare på egne standpunkt. I dette kapitlet skal me seia litt om korleis de kan driva slikt arbeid.*

Kvifor melde du deg inn i NMU? Kvifor skriv du nynorsk? Kvifor er det rett og viktig å vinna andre for målsaka? – Slike spørsmål må alle som vil verva medlemmer og byggja målungdomslag, spørja seg. For det er ikkje alltid slik at dei grunnane me hadde til å melde oss inn i NMU, er like gode grunnar eit år seinare. Heller ikkje at dei argumenta som fekk oss til å melde oss inn, er like gode argument for å verva andre.

I alle organisasjonar er det viktig å stilla spørsmål ved grunnlaget for organisasjonen, for berre soleis utklar me argumentasjonen og politikken vår. Ingen har funne “fasiten” på målspørsmålet, eller funne “det perfekte argumentet” for å verva folk til målørsla, men *det* kjem me aldri til å gjera heller. Likevel er det viktig at me studerer kva som er tenkt tidlegare, slik at me slepp å gjera alt arbeidet om att. Og me må freista stilla spørsmål om kvifor folk i Noreg bør skriva nynorsk i framtida òg. Berre på det viset kan me utvikla ein argumentasjon og eit målsyn me kan forsvara og vinna andre for.

Utan å driva medviten studieverksemd vert det praktiske målarbeidet mykje godt retningslaust. Om me t.d. ikkje veit kvifor folk tenkjer som dei gjer, og ikkje minst kvifor me skal få dei til å skriva nynorsk, er det sjølv sagt umogleg å leggja opp eit bra målarbeid. Ein god og appellerande argumentasjon må utviklast gjennom ordskifte og lesing – altså gjennom organisert studieverksemd.

### a) Kva er studiearbeid?

Studieverksemd kan vera so mykje, men sams for dei ymse studieformene er at dei dreier seg om organisert læring. Det kan tyda alt frå å lesa ei serskild bok til å skipta til studieringar med ei rad deltakarar. Det viktigaste for lokallaga er å organisera studiearbeidet saman med andre. (Likevel er det naudsynt å hugsa at de òg er nøydde til å studera på eiga hand om de vil skaffa dykk større medvit og kunnskap utover det mest grunnleggjande.)

### b) På kva måtar kan de studera?

Dei vanlegaste formene for studiearbeid i Norsk Målungdom er studieringar, opne møte og ymse former for kurs.

#### Studiering

Ein studiering er bygd opp kring 3-5 møte med faste deltakarar og ofte med eit gjennomgåande emne, t.d. ein studiering om tufta åt NMU. Mota byrjar oftast med ei innleiing, og deretter er det ordskifte kring spørsmåla som er sette opp for møtet. Deltakarane forebur seg ved å lesa ein del av eit oppsett tilfang (artiklar). Soleis vert dei kjende med synsmåtane og haldningane til mål som rår i organisasjonen. Difor høver studieringar godt for folk som anten nyss har meldt seg inn i NMU, eller er serleg interesserte i å læra meir. Om de ikkje finn nokon studiering innanfor dei emna de treng kunnskap om, kan de laga dykkar eigen studiering. Det finst t.d. ei rad med

avisordskifte mellom folk i NMU og andre i målrørsla, og mellom NMU og Noregs Mållag på den eine sida og bokmålsfolk og riksmålsfolk på hi. Desse ordskifta kan vera eit godt grunnlag for å laga opplegg til ein eigen studiering.

### Opne møte

Slike møte har alle, både folk i og utanfor organisasjonen, tilgjenge til, og difor har dei oftast eit breiare emne enn t.d. ein studiering. (Les meir om opne møte på side 24).

### Kurs

Det er vanleg å dela inn kursverksemd i interne og utetterretta kurs. (Les meir om kursverksemd på s. 24)

### c) Korleis planleggja studiarbeidet?

Det viktigaste føremålet med studiarbeidet er at det skal styrkja oss i målarbeidet. Difor lyt de leggja opp studia etter det.

1) Alle lokallag bør ha ordskifte kring kva for emne dei vil ha meir kunnskap om, og leggja opp eigne studie etter det. Kan henda laget finn ut at alle lagsmøte bør byrja med eit studiepunkt der ei(n) frå laget har førebudd ei innleiing? Slike tiltak kan føra til at laget utviklar eigen politikk, at medlemene i laget vert vane med å halda innleiingar, og at laget får betre målmedvit og kunnskap.

2) Alle lag bør òg ha ordskifte om kva emne som kan draga nye folk til målungdomen, og leggja opp eit ope møte eller ein studiering etter det. Ein stad kan det t.d. vera mange bokmålsbrukarar som langt på veg er samde med målungdomen, men som tykkjer det er vanskeleg å skriva nynorsk. Då kan det t.d. vera framifrå å skjøta til norsk kurs der de serleg argumenterer med at dette er eit tilbod for bokmålselevar som vil byta til nynorsk. Berre om laget heile tida tek ordskifte om kva som rører seg i hovuda åt medelevarne/medstudentane, er det mogleg å leggja opp studie-tiltak som kan opna for nye medlemmer.

### d) Organiser studiarbeidet

Når de t.d. har gjort vedtak om at de skal ha eit ope møte, byrjar det organiserte førearbeidet. Om de ikkje organiserer arbeidet like godt som t.d. når de skal ha ein aksjon, fell det mest alltid i hop. Det er viktig å *organisera* både studiarbeid og aksjonar, endå studiarbeid vert rekna for intellektuelt arbeid. Det er dessutan viktig at alt frå opne møte til studieringar fungerer sosialt og knyter folk saman. Det er ei viktig oppgåve å syta for kaffi og kaker på eit studiemøte!

### Råd til organiseringa av studieverksemda:

- Finna ut kva emne de treng skulering i og kva de har hug til å læra meir om.
- Finna ut kva for form de vil ha på studiarbeidet (ring/ope møte/innleiing på rundgang osv.)
- Røkja etter kva som finst av tilfang, m.a. frå NMU.



- Laga møteplan for studiearbeidet.
- Laga mobiliseringsliste der de finn ut kven det er viktig å få med.
- Tala med innleiarane og spørja dei evt. om spørsmål til ordskiftet.
- Avtala møteleiar som kallar inn og styrer møta.
- Melda inn studiearbeidet som studietiltak til Folkekulturforbundet (sjå s. 45).
- Laga førebuingstilfang og senda det ut i god tid, – det skal lesast!

## e) Tilrådde studieringar og studieopplegg frå Norsk Målungdom

### Studiehandbøker:

#### “Målføri og nynorsken” (1999).

Dette fyrste heftet frå studieutvalet i NMU tek opp ei rad spørsmål som knyter seg til dialektbruk og normering av nynorsk tale- og skriftmål. Ringen er lagd opp over 5 kveldar med åtskilte emne som godt kan studerast kvar for seg. Emna for studiemøta kjem i denne rekkjefylgja: 1. Ny dialektreising? 2. Kvar gjeng dialektutviklingi? 3. Uppbyggnaden av målet: Soli eller sola, å kasta eller å kaste? 4. Ordtilfanget: Fri flyt eller styrking av tradisjonsordi? 5. Korleis bør politikken til NMU vera? – Til det siste studiemøtet høyrer programmet “Målføra og nynorsken” som vart vedteke av landsmøtet i NMU i 1991. Mellom artikkelkrivarane finn me Håkon Kolmannskog, Ellen Skolseg, Håvard Tangen, Lars S. Vikør, Ola Breivega, Helge Sandøy og Einfrid Perstolen. (Du finn programmet på NMU-sidene på internett: <http://www.nynorsk.no/nmu/>)

#### “Lat oss rydja og byggja oss grender” – Studiering om tufta (1999).

Dette er det andre heftet frå studieutvalet i NMU. Studieringen tek føre seg dei tradisjonelt viktigaste motsetnadene i målrørsla, og stiller spørsmål om kva prinsipp Norsk Målungdom lyt tufta arbeidet sitt på. I heftet finst artiklar av Magnus Bernhardsen, John Ragnar Aarseth, Oddmund L. Hoel, Eli Bjørhusdal, Håvard Tangen og Hege Myklebust. (Du finn tufta som vedlegg til denne boka, og på NMU-sidene på internett: <http://www.nynorsk.no/nmu/>)

#### “Ivar Aasen i samtid og notid” (Noregs Mållag, 1996).

For dei som vil læra meir om målsynet til Ivar Aasen og kva samanheng han stod i historisk og politisk, kan denne studieringen frå Noregs Mållag vera nyttig. Studieopplegget har elles ein tydeleg internasjonal profil med artiklar om jamstelling og målmangfald i andre land. Ringen går over 4 møte, og hovudheftet inneheld innlegg av m.a. Arne Apelseth, Sigmund Skard, Olav Randen og Johannes Nymark. Attåt høyrer heftet “Livssoga åt Ivar Aasen” av Kjell Venås til dette studieopplegget.

#### Lagshandboka (2000).

Med utgangspunkt i lagshandboka kan de diskutera organisatoriske og praktiske målspørsmål. Denne ringen er kjekk for lag som står i startgropa, eller gamle lag med medlemmer som treng kvick.

**Skriv norsk – studieplan i god norsk målbruk (1987).**

Dette heftet frå Norsk Måldyrkingslag gjev grunnlag for drøftingar om god norsk målføring. Av dei språklege emna som vert tekne opp, er norske målmerke, vokaltreklang, ordlagning, setningsbygning og verbal seiemåte.

**Studiering om tufta (1992).**

Heftet inneheld artiklar med studietilfanget i førekant av tuftvedtaket på landsmøtet i 1992. Av spørsmåla som vert dregne fram og drøfte, kan me nemna sosialt og nasjonalt målsyn, vitskapen og målreisinga, fiendane til målørsla, brei eller smal tuft m.m. Øyvind Ulvatn, Hans Marius Hansteen, Kari L. Bjørnsvik, Bodil Haug og Line Sivertsen m.fl. har levert artiklar til dette heftet.

**Studiering om tufta til Norsk Målungdom (1987).**

Dette artikkelheftet som vart laga i samband med drøftingane om ny tuft fram til landsmøtet i NMU i 1987, set søkjeljos på grunnleggjande spørsmål i norsk målreising: Eittspråkslina, samnorsken, om nynorsken er part i ei nasjonal reising, stoda målørsla har til bokmålet, og synet på staten. Heftet inneheld artiklar av Ivar Aasen, Gustav Indrebø, Halvdan Koht, Helge Sandøy, Oddrun Grønvik og debattinnlegget "Norsk målreising – kamp mellom to vegar".

**Studieopplegg bygde på avisinnlegg og utdrag frå debattbøker:**

**"Når skriftmåla storknar" (1996).**

Dette er eit artikkelhefte med ei samling innlegg frå ordskitte om tilhøvet mellom talemål og skriftmål, om ortofone (samsvar mellom tale og skrift) eller etymologiske prinsipp for nynorsken (etymologisk, dvs. byggjer på opphavet og skyldskapen mellom orda). Innlegga rører ved oppbygningen og det språklege grunnlaget for nynorsk og bokmål og tilstandane internasjonalt, ikkje minst den franske målstoda. Heftet inneheld innlegg frå Olav Randen, Knut Johansen, Bård Eskeland, Lars Bjarne Marøy, Hans Olav Brendberg m.fl.

**Program for ei nasjonal framtid (1990).**

Dette er nasjonsprogrammet åt NMU. Det vart vedteke på landsmøtet i 1990 og stakar ut ein nasjonal politikk for målreisinga i Noreg. Programmet inneheld analysar av nasjonale spørsmål i Europa og andre verdsdelar, og argumenterer for kvifor målsaka ikkje fyrst og fremst er ein strid for bokstavar, men er knytt til ålmennpolitiske verdiar. (Du finn det på NMU-sidene på internett: <http://www.nynorsk.no/nmu/> )

**Norsk vilje – program for ein alternativ ungdomskultur (1998).**

Dette programmet handlar om synet NMU har på ungdomskulturen i dag, og kva alternativ NMU vil strida fram. Tilhøvet mellom politisk medvitsløyse og dei kulturelle ideala vert mellom anna drøft godt her. (Du finn programmet på NMU-sidene på internett: <http://www.nynorsk.no/nmu/> )

**Studiering om “Den nynorske Sprog- og Nationalitetsbevægelse” (1995).**

Denne studieringen er bygd opp kring tekstar henta frå det mest kjende målskriftet til Garborg “Den nynorske Sprog- og Nationalitetsbevægelse” frå 1877. Boka kom i ny utgåve på Noregs Boklag i 1982. Studieringen går inn på kva som var dei mest utbreidde innvendingane mot målsaka, og kva argumentasjon Arne Garborg nytta for nynorsken. Ringen gjev òg verdfull kunnskap om nasjonssynet til Garborg.

**“Språkelege bjørnetenester?” (1990).**

Dette heftet er ei samling avisinnlegg frå *Dag og Tid* som dreier seg om korleis nynorsken bør sjå ut, “arkaisk” mål, nynorsk ordtilfang, m.m. Heftet har innlegg av Arnhild Skre, Jostein Krokvik, Hans Olav Brendberg, Eldar Heide m. fl.

**“Gøy med bøy” (1991).**

Dette heftet, som byggjer på ei samling målteigar Bård Eskeland hadde i medlemsbladet åt NMU, *Eg*, greier ut om heilskapen og samanhengen i norsk mål ut frå ljodbrigde og bøygning av sterke verb. Heftet høver godt for sjølvstudium.

**“Å spegla ein himil av – på norsk”,****ordskifte mellom Olav Randen og Vincent Eye Færavaag (1990).**

Dette er to omfemnande målpolitiske innlegg som tek føre seg dei grunnleggjande motsetnadene i målrørsla og går nóggrant inn på argumentasjonen for nynorsk skriftmål. Emne som vert drøfte, er klassespråk og nasjonal mål, sosialt og nasjonalt grunnlag i målspørsmålet, språkleg demokrati, norsk vilje m.m.

**“Iatmular og imamar i målrørsla – eit ordskifte om NMU sin politikk” (1995).**

Ordskite mellom Johan Brox, journalist i *Dag og Tid*, og sentrale folk i NMU-leiinga. Det store spørsmålet i dette ordskiftet er om me meiner nynorsken er for alle og om eit ynskje om nynorsk som einaste riksmål er gale eller ikkje.

I tillegg kan målpolitiske artiklar i medlemsbladet *Motmale* og *Mål og Makt* (utgjeve av Studentmållaget i Oslo) vera gode utgangspunkt for studiemote.

«Økonomiarbeidet er ofte den minst prioriterte delen av lagsarbeidet – men òg ofte den viktigaste.»



# 10. Kva kan laget gjera?

Del V: Økonomiarbeid

*Økonomiarbeidet er ofte den minst prioriterte delen av lagsarbeidet – men òg ofte den viktigaste. Mange tykkjer gjerne at det er mykje artigare å driva med andre ting, som aksjonar, møte osv. Men: Økonomiarbeidet legg grunnen for alt dette arbeidet. Har de ikkje pengar, kan de ikkje reisa på kurs, heller ikkje reisa på landsmøtet, korrkje ba mat på lagsmøta eller senda ut brev. Pengar er det materielle grunnlaget for all aktiviteten i laget. I dette kapitlet vil me fyrst og fremst taka for oss korleis du søkjer andre om pengar, men òg ha med litt om korleis de løysar det praktiske, som budsjett, rekneskap og opning av kontoar.*

## a) Innkomer

Eit lokallag i Norsk Målungdom kan henta pengar frå fleire kjelder: Ei etter måten trygg innkomekjelde er medlemspengane. Medlemspengane til Norsk Målungdom er sette saman av to element: Den eine delen er sentralsatsen, som vert vedteken på landsmøtet kvart år. Den andre delen er lokallagssatsen, som lokallaga sjølve fastset på årsmøta sine. Dersom laget gjev melding til skrivarstoya, kan det få refundert lokallagssatsen kvart år.

Ei anna kjelde er dei lokale mållaga. Dei er oftast sers nøgde over at det finst ungdomar som har lyst til å gjera noko for målsaka. Om dei har pengar, kan de som oftast vera visse på at de kan få noko frå vaksenlaget.

Elles har de òg andre de kan søkja: Lokale og nasjonale fond, kommunen, og andre lag og organisasjonar. NMU er med i ein studieorganisasjon, Folkekulturforbundet, som gjev stønad til studietiltak. Dette kjem me attende til seinare i dette kapitlet. I tillegg kan laget ha lotteri, selja jolenek eller andre ting som gjev god avkastning. Det kan òg henda at lokale verksemdar treng hjelp til dugnad, flytting, oppussing eller andre einfelte ting som friviljuge lag kan taka på seg.

## b) Søknad om tilskot

### Finn ut kvar de kan søkja om tilskot

*Kommunane* deler kvart år ut tilskot til barne- og ungdomsorganisasjonar. Der får andre organisasjonar som Unge Høgre, AUF, kristelege lag og Natur og Ungdom stønad, og målungdomslag kan sjølvsagt søkja på lik line med dei. Tak difor kontakt med kommunen og skaff:

- Søknadsskjema.
- Oversyn over søknadsfristane.
- Vilkår for tildeling av midlar.

Vilkåra kan t.d. vera kor mange medlemmer som er under 25 år, aktivitetar, revidert og godkjend rekneskap osv. Som oftast er det kulturkontoret i kommunen som har andsvar for desse midlane.

*Fylkeskommunane* deler ut tilskot på same måten som kommunane. Den einaste skilnaden er at laga som søkjer, må femna om eit større område enn dei vanlege lokallaga. Fylkeslag og distriktslag kan altså gjerne søkja fylkeskommunen om tilskot.

*Sparebankane* set gjerne av ein del av overskotet til kulturarbeid. Her er det i regelen høve til å søkja for alle slag kulturorganisasjonar. Serskilt hjå dei mindre og meir lokale bankane kan det vera von om løyving. Hjå sparebankane varierer vilkåra og fristane heller mykje. Tak kontakt med sparebanken (banken) på heimstaden dykkar og få greie på det same som hjå kommunane:

- Søkadsfrist (om det er nokon).
- Vilkår for tildelinga (vanlegvis kulturføremål).
- Søkads skjema (om banken har det).

*Fond* finst det overalt. Fond er ei urørleg kapitalmengd der rentene vert delte ut til dei som søker. Søkaden må retta seg etter føresegnene (statuttane) for fondet. Fonda kjem ofte frå gamle folk som har testamentert formuen sin til eitt eller anna føremål. I nynorskdistrikta finst det ofte fond som er tiltenkt dei som vil reisa eller dyrka (ny)norsk, og overalt finst det fond som deler ut pengar til ymse kulturføremål. Skaff dykk oversyn over:

- Vilkåra i føresegnene (sers viktig her).
- Søkadsfristen (Det er truleg utdeling ein gong i året, men det finst òg fond som deler ut pengar når som helst, berre søkaden stettar vilkåra til fondet.)
- Søkads skjema (finst ikkje alltid).

For å få oversyn over fond de kan søkja, er det nyttig å få tak i "Fond- og legathandboka". Der står alle opplysningane de treng.

Det kan òg vera andre organ de kan søkja om pengar frå, t.d. *kulturorganisasjonar*. Dette varierer sers mykje frå stad til stad, men det løner seg å røkja grundig etter. Det kan vera eit godt råd å høyra med den lokale kaffistova, leikarringen eller ungdomslaget. Der sit det av og til målfolk i leiinga.

Som sagt hender det òg at *mållaga* har noko pengar. Om mållaget på staden dykkar er av dei, kan de søkja det om stønad til kurs, skulemålsarbeid, reising m.m. All roynsle syner at det er lettast å få tilskot frå mållaget til lokale málungdomstiltak. Det er soleis greiare for eit lokallag å senda søknad enn det er for den sentrale skrivearstova i NMU. Mange mållag har gjennom åra dekt reisa for lokale (mål)ungdomar til den årvisse skulemålskonferansen, og på den måten tryggja desse ungdomane eit tilbod om skulering i målsak. – De bør likevel i fyrste rekkje freista skaffa pengar til tiltaka dykkar utanfor målrørsla.

*Studentsamskipnadene* har ofte stønadsordningar for lag som høyrer til på universiteta og hogskulane. Det har alltid vore god poliikk å gjeva stønad til laga slik at dei skal laga eit aktivt studentmiljø utan at det vert urimeleg dyrt for studentane. Difor må studentmållaga fylgja nøye med på oppslag, når fristane er og kva vilkår som vert sette fram. Tak ein prat med studentsamskipnaden!

Det kan òg vera ein god idé å kontakta *det lokale næringslivet* og høyra om eit firma på heimstaden er viljug til å spona laget med nokre kroner.

På sume skular er det òg slik at *elevrådet* deler ut pengar til elevlag.

### Skriv søknadene

Når de skal søkja, bør de hugsa på at det finst to typar tilskot de kan søkja om: *Driftstilskot* og *prosjektstønad*. Det vanlegaste er å søkja om driftstilskot. Det er midlar de får til sjølve drifta av laget. Det vert ikkje sett serleg strenge krav til kva føremål pengane skal nyttast til, men det krevst ein god søknad for å få eit slikt tilskot. Prosjektstønad kan de søkja om dersom de planlegg å skipa til eit kurs eller ei tilstelling av anna slag, t.d. eit norskkurs for elevane på skulen der laget held

til. Føresetnadene for å få prosjektstønad er litt annleis samanlikna med driftstilskot. Vilkåra for å få det er ikkje so strenge, men derimot er det veldig viktig at pengane vert nytta til nett det som står i søknaden. Der krevst det eit meir detaljert budsjett enn ved vanlege driftstilskot, og veldig ofte må de i etterkant av sjølve prosjektet levera ein rekneskap som syner at pengane vart nytta rett ut ifrå søknaden. Slik legg also prosjektstønad mykje meir føringar for kva de skal driva med enn driftstilskot. Men dersom de er flinke til å planleggja prosjekt, kan de nytta godt av denne ordninga.

Det er vanskeleg å setja opp ein formel for korleis ein søknad skal sjå ut. Søknaden må variera alt etter kva organ de søkjer til, og kva vilkår de søkjer etter. Me skal likevel prøva å setja opp ein del tommelfingerreglar som ofte gjeld når de skriv søknader om tilskot for målungdomslag.

### Kva skal de leggja vekt på i søknaden?

Når de skriv ein søknad, kan de sjølve avgjera kva de vil leggja vekt på. Ved generelle søknader til kommunane og stønadsordningar som er laga for ungdomsorganisasjonar, er det gjerne klokt å ha med mykje om leiartrening, organisasjonsutvikling (planar for å styrkja laget) og økonomiarbeid (at de skaffar pengar frå andre enn den de søkjer). De må sjølvsagt nemna alt anna de driv med (lærebokaksjonar, hovudmålsarbeid, fagkritisk arbeid, studieringar osv.), men de bør leggja mykje vekt på det fyrste.

Når de søkjer sparebankar og fond, kan det ofte vera tenleg å sokja til serskilde prosjekt, og gjerne kulturtiltak. Her må de lesa vilkåra for tildelinga og føremålet til fondet sers grundig! Og hugs: Målungdomslaga er både (mål)politiske organisasjonar og kulturorganisasjonar. Kva de skal leggja mest vekt på av desse sidene, kan variera frå søknad til søknad.

### Søknadssummen

De får sjeldan heile summen de søkjer om. Ofte vert søknader vurderte ut frå søknadssummen, og då er det sjølvsagt meir vøn di større søknadssummen er. Søk difor om litt meir enn det de trur de vil få og har bruk for. Søkjer de om kr 1000, får de kan henda kr 500. Søkjer de om 4000, får de kan henda 1500. Kor som er, søknadssummen må stå i samhøve med resten av søknaden. Det ser t.d. ikkje serleg truverdig ut når eit lite lokallag søkjer om kr 50 000 til berre eitt norskkurs!

### Vedlegga

Mest alle søknader krev ein del vedlegg. Dette er i regelen:

- Arbeidsplanen til laget.
- Årsmeldinga for det siste året.
- Rekneskapen og budsjettet.

Desse vedlegga har ofte mykje å seia når søknaden vert vurdert. Kjem det ein søknad med slurvut rekneskap, tynn årsmelding og handskriven, useriøs arbeidsplan, gjer det eit dårleg inntrykk. Dei som vurderer søknaden, undrast naturleg nok på om styringa av laget då er so god at pengane vert nytta til det som dei skal nyttast til. Difor:



- Skriv alt på datamaskin og med høveleg brevark.
- Legg ved ei utførleg årsmelding som syner godt fram aktiviteten i laget.
- Legg òg ved ein strukturert og ryddig arbeidsplan som inneheld føremål (kortsiktige og langsiktige), prioriteringar (kva som skal vera dei viktigaste arbeidsoppgåvene), og ei konkret liste over kva de skal ha av kurs, studieringar, aksjonar, møte m.m. i tida som kjem.
- Budsjettet og rekneskapen må vera grundige og gjennomarbeidde. Kontakt difor folk som har litt greie på dette, so de får hjelp til å setja opp budsjettet og rekneskapen slik det er vanleg å gjera det. Det syner at laget dykkar har greie på økonomi, og det fortel dei som vurderer søknaden at de har styring på økonomien.

### Skrivarstova kan hjelpa!

Om de vil, kan de taka kontakt med skrifvarstova i Oslo, so vil NMUarar sentralt hjelpa dykk med å skriva søknadene. I fall de ikkje vil skriva dei sjølve, kan de senda dei arbeidsplan, årsmelding og rekneskap/budsjett so vil dei sjå kva dei kan få gjort.

## c) Budsjett og rekneskap

Budsjett og rekneskap er viktige verkty i lagsarbeidet. Dei verkar som kontrollreiskapar på pengeflyten i laget. På årsmøtet vedtek de eit budsjett. Dette budsjettet skal innehalda alle innkømer og utloger de trur laget kjem til å få i året som kjem. Typiske innkømer er som før nemnt: Medlemspengar, tilskot, lotteri, dugnad, renter og ymse. Typiske utloger er til dømes: Porto, kopiering, reiser til kurs, landsmøteavgift, og leige av møterom og utloger i samband med møte. Alle desse set de so inn i eit oversyn, der de samanliknar med tidlegare år. Om de ikkje har tidlegare år å samanlikna med, må de vera omframt nøye med å sjå kva de planlegg i framtida: Kor mange kurs skal de reisa på? Kor mange skal fara på landsmøtet? Kor mange aksjonar skal de ha? Kor mange medlemmer greier de å verva? – Alle desse spørsmåla må de freista svara på i budsjettet.

*Budsjettet* er ein styringsreiskap – det vil seia at det må hanga nært i hop med arbeids- eller aktiviteitsplanen. Prioriteringane i budsjettet skal spegla av prioriteringane i arbeidsplanen, so de ikkje endar opp med å nytta meir pengar på noko som i utgangspunktet stod lenger nede på prioriteringslista enn det som stod høgre. Likevel er det ikkje slik at de absolutt ikkje kan nytta pengar på noko veldig viktig og uføresett som kan dukka opp. Men då må de alltid syta for at innkomene vert auka like mykje på ein annan post i budsjettet.

*Rekneskapen* vert nytta til å kontrollera at pengane har vorte nytta som årsmøtet vedtok. Då må de gå igjennom dei utlogene og innkomene laget har hatt i året, og setja dei opp jamsides budsjettet de har arbeidd ut ifrå. Soleis får de samanlikna stoda med det som de planlagde. Til rekneskapen må dei som har hatt andsvaret for pengane i laget, taka vare på alle kvitteringar for utloger og innkømer. Om det vert handla mat til eit møte, må de få ei skikkeleg kvittering frå butikken, som de kan leggja i rekneskapen.

Alle slike kvitteringar må leggjast i ein eigen rekneskapsperm, der de samlar både utskrifter frå bank- eller postbankkontoen, butikkvitteringar og kvitteringar for rekingar som er gjorde opp. Kvitteringane må leggjast kronologisk, dvs. etter dato, slik at oversynet er so godt som råd. Tek du ut pengar frå kontoen for å nytta dei til noko serskilt, er det smart om du stiftar kvitteringane



for det du har kjøpt, til uttaksvedlegget. Det er endå klokare om du set inn resten av pengane samstundes. Slik slepp du å ha ei stor kontantkasse. Det er betre å ha mest mogleg av pengane på konto. Då får laget trass alt litt renter, samstundes som du har betre kontroll på pengane.

#### d) Opning av konto

Alle lag bør ha ein post- eller bankkonto. Me skal ikkje driva reklame for nokon bank her, men berre oppmoda dykk om å undersøka litt om renter, gebyr og nynorskbruk for de avgjer kvar de skal ha kontoen. Når du skal opna ein konto for laget, bør du tala med banken fyrst, slik at du veit kva som trengst for å få opna kontoen. Dei fleste krev:

- Utfylt fullmaktsskjema, med personnummeret til den eller dei som skal ha fullmakt på kontoen.
- Opprit (referat) frå årsmøtet eller skipingsmøtet i laget, der det går fram kven som er leiar og kven som er kassastyrar, og med det skal ha kontofullmakt.
- Legitimasjon av dei som skal ha fullmakt til kontoen.

Når dette er godkjent, skulle laget ha fått seg ein konto etter rimeleg kort tid.

#### e) Stønad til studiearbeid i lokallaget

Studiearbeid har vore, er og vil vera den beste måten laget kan utvikla seg politisk og organisatorisk på. Gjennom studiearbeid får de øvd dykk i å vera med i ordskifte, og de kan få forma ut ein politikk og strategi laget kan arbeida etter. Det siste er sers viktig når de skal markera dykk utetter: Korleis går de fram? Kva skal de gjera? Kvifor gjer de det på den måten?

Studiearbeid er serskiilt viktig når de får verva ein del nye medlemmer. Skal de få dei med i laget og få dei til å gjera ein innsats, må de heile tida skulera dykk.

NMU er knytt til eit studieforbund som heiter Folkekulturforbundet. Kvart år får Folkekulturforbundet pengar frå staten til å driva sokalla vaksenopplæring. Desse pengane skal då gå til studiearbeid i lokallaga i alle organisasjonane som er tilslutta studieforbundet. Soleis kan de altoå få dekt mange av utlogene slikt studiearbeid fører med seg. Folkekulturforbundet er berre glad for å kunna spreia pengane til vituge studieføremål av di det må senda attende dei pengane som ikkje vert bruka opp. Difor er det sers lett å få løyvd pengar til studiearbeid.

#### Kva kan studiearbeid kan laget få tilskot til?

Det er hovudsakleg to typar studiearbeid de får tilskot til. Det eine er studieringar, og det andre er brevvingar. Dessutan får de tilskot til foredrag dersom det vert halde i samband med studie- og brevving.

Skilnaden på studieringar og brevvingar er at studieringar vert haldne lokalt. Det vil seia at laget skaffar seg tilfang og evt. lærar(ar) sjølv og gjer alt arbeidet lokalt. I ein brevving tingar de tilfang frå ein brevskule og skipar til møte der de diskuterer innhaldet. Dessutan må de levera inn oppgaver til brevskulen for å syna at de er med på opplegget deira. I målrosla er studieringar mest nytta av di det er få brevskular som har laga opplegg som høver for oss.

## Korleis kan laget få tilskot til studiearbeid?

For at ein studiering skal kunna godkjennast, må han oppfylle visse krav:

- Det skal vera minst 5 deltakarar over 14 år.
- Ringen må gå over minst 12 timar.
- Minst 5 av deltakarane må fullføra minimum 75% av timane.
- Opplæringa må fylgja ein godkjend studieplan.
- Studieringen må vera innmeld og godkjend føre kursstart.

Folkekulturforbundet har eit todelt skjema som de må fylla ut. Den øvste delen, innmeldinga av studieringen, må sendast inn i god tid før de tek til med studieringen. Dersom de ikkje nyttar ein av studieplanane åt Folkekulturforbundet, må de fylla ut ein studieplan sjølve og senda inn for godkjenning saman med innmeldinga. Etter at studieringen er avslutta, må de fylla ut resten av skjemaet og ferdigmeldta tiltaket.

## Korleis fyller du ut søknadsskjemaet?

### Del 1: Innmelding

Denne delen skal altså fyllast ut og sendast inn i god tid før studieringen tek til. Dette er av di Folkekulturforbundet skal kunna godkjenna studieringen og studieplanen. Når de har sendt inn innmeldinga, får de skjemaet attende etter nokre dagar. So kan de nytta baksida som frammetiliste på tiltaket. Det som de skal fylla ut, er opplysningar om studietiltaket laget har planlagt. De må sjølvsgt fylla ut opplysningar som namn på deltakarane, tilskriftene (adressene) deira og tittelen på kurset. Dessutan må de ha ein andsvarleg for ringen. Nyttar de ein lærar som krev løn, er det sers viktig at de fyller ut namn og tilskrift på vedkomande, og at de fyller ut felte om skatt og arbeidsgjevaransvar. Løn på over kr 2000, må de svara skatt av. Lægre summar er skattefrie.

Skal de skipa til ein eigen ring utan godkjent tilfang, er det viktig at de legg ved studieplanen, og helst ei litteraturliste. Når dette er fylt ut, er det berre å venta på at de får det attende frå Folkekulturforbundet. Dersom det er noko de er uvisse på når det gjeld studieringen eller utfyllinga av skjemaet, er det berre å ringja anten skrivarstova åt NMU eller Folkekulturforbundet. Båe er berre glade for å kunna hjelpe.

### Del 2: Ferdigmelding

Skjemaet som de melde inn studieringen på, skal de etter at studieringen er ferdig, fylla ut resten av. I ferdigmeldinga skal de skriva ein liten rapport om korleis det gjekk, men hovudpoenget med denne delen er rekneskapen. Det er denne som legg grunnlaget for kor mykje de får i stønad for kurset. Ferdigmeldte tiltak utan utloger får de ikkje stønad for. Her er det viktig at de fører opp alle utlogene de hadde til studieringen. Det kan vera t.d. mat på møtet, reiser til og frå mota, løn til lærar, avislysingar, utstyr til å laga plakatar eller flygeblad, studietilfang, leige av lokale, osv. Hugs å taka vare på alle kvitteringane! De kan taka kopiar av kvitteringane og senda med ferdigmeldinga, eller de kan taka vare på dei i laget for eventuell kontroll.

Dersom lærarløna er under kr 2000, skal det som nemnt ikkje svarast skatt. Om lærarløna

overstig dette, skal det svarast skatt og ved nokre høve arbeidsgjevaravgift. Det er fritak for arbeidsgjevaravgift dersom dei totale lønsutogene i laget ikkje overstig kr 300 000 per kalenderår og når arbeidstakaren ikkje får meir enn kr 30 000 i løn per kalenderår. Dette er med andre ord noko vanlege målungdomslag ikkje treng å tenkja so mykje på.

### Del 3: Stønadsattsane

Kor mykje pengar de får for studietiltaket, vert utrekna gjennom timetilskot. I 2000 var satsane inntil kr 65 per time med lærar, og inntil kr 30 per time utan lærar.



«Dette kapitlet er ein freistnad på å visa korleis eit arbeidsår i NMU kan vera, jamvel om ein årsplan skifter noko frå år til år.»



# 11. Arbeidskalender i eit vanleg NMU-år

*Dette kapitlet er ein freistnad på å visa korleis eit arbeidsår i NMU kan vera, jamvel om ein årsplan skifter noko frå år til år. Det vert sjølvsagt gjort mykje meir enn dette, men her fylgjer eit oversyn over dei viktigaste tilskippingane og aksjonane.*

## August og september

- Tiltak:** Skulestartaksjonar  
Planleggja skulestartaksjon, laga tilfang (flygeblad, plakatar), samkøyra aksjonane, og aksjonera på stader utan kontaktpersonar.
- Målsetnad:** Visa seg fram på lærestaden og verva nye medlemmer. For elevlaga er det samstundes eit mål å få fleire til å kjøpa nynorske lærebøker. Difor vert desse aksjonane ofte kalla læremiddelaksjonar.

## September og oktober

- Tiltak:** Organisera og mobilisera til skulemålskonferansen. Målferd.
- Målsetnad:** Verva fleire til NMU gjennom målferd. Draga dei nyverva medlemene aktivt med i lagsarbeidet. Mobilisera til skulemålskonferansen, evt. studentsamlinga.

## November og desember

- Tiltak:** Organisera grunnkurs/vinterleir. Oppfylgjing av nye medlemmer.
- Målsetnad:** Fylgja opp nyverva medlemmer frå skulestartaksjonane, skulemålskonferansen og grunnkurset/vinterleiren ved å gjeva dei tilbod om meir skulering i målsak.

## Januar

- Tiltak:** Elevlaga - Krevja nynorske nyttårslovnader av ungdomspolitikarane.  
- Planleggja vårhalvåret.  
Studentlaga - Krevja nynorske nyttårslovnader av studentpolitikarane.  
- Planleggja vårhalvåret. Halda semesterstartaksjonar.  
Sentrallekken - Evt. skipa til studentkonferanse. Planleggja landsmøtet.
- Målsetnad:** Planleggja eit nytt arbeidshalvår for laget. Planleggja det neste arbeidsåret i NMU.

**Råd:** - Studentkonferansen er i fyrste rekkje retta mot studentar, og ofte er han open for folk som ikkje er medlemmer.

## Februar

**Tiltak:**

Lokallaga	- Halda årsmøte og reisa på landsmøteforebuingskurs. Koma med framlegg til nytt arbeidsprogram for NMU, og eventuelt framlegg til tuft- og lovbrigde.
Sentrallekken	- Førebu til landsmøtet og skipa til landsmøteforebuingskurs.

**Målsetnad:** Diskutera landsmøtesaker for å bu seg til landsmøtet. Gå gjennom dei praktiske og formelle sidene ved eit landsmøte. Velja landsmøteutsendingar. Det er viktig at lokallaga er aktivt med og arbeider ut politikken til organisasjonen. Difor bør de ha eit lagsmøte der de går gjennom den gjeldande tufta, dei gjeldande lovene og arbeidsprogrammet. De kan koma med framlegg til brigde av alle desse dokumenta. Hugs at framlegg til brigde av tufta og lovene må sendast inn seinast 6 veker føre landsmøtet.

**Råd:**

- Serleg dei som skal på det fyrste landsmøtet sitt, har god nytte av å reisa på landsmøteforebuingskurs. Landsmøteutsendingar kan veljast på eit lagsmøte eller på årsmøtet i laget.
- Hugs at laget må ha svara medlemspengar og sendt inn årsmelding for at utsendingsretten skal kunna godkjennast.

## Mars

**Tiltak:** Landsmøtet.

**Målsetnad:** Fastleggja politikken for NMU det komande året og velja nytt styre i organisasjonen.

**Råd:** - Dette er den viktigaste tilskipinga i arbeidsåret.

## April og mai

**Tiltak:**

Lokallaga	- Verving. Lokale aksjonar. Markera nynorskkrav 1. og 17.mai.
Sentrallekken	- Dela andsvar i det nye lands- og sentralstyret. Planleggja sumarleir.

**Målsetnad:** Få til eit godt samarbeid i det nye styret. Verva nye medlemmer slik at det finst eit lag på staden til hausten. Skapa blest om laget.

**Råd:**

- Å skriva brev til 9. klassingane der de oppmodar dei om å halda på nynorsken, evt. byta hovudmål, og om å kjøpa nynorske læremiddel, er ein fin måte å nå ut til potensielle medlemmer på.
- De kan òg skriva brev til faglærarane og beda dei om å berre taka i bruk lærebøker som finst på både nynorsk og bokmål.
- Hugs å minna andre på at alle har krav på å få eksamensoppgåver på nynorsk!

## Juni og Juli

**Tiltak:**

Elevlaga	- Planleggja skulestartaksjonar til hausten. Fara på sumarleir.
Studentlaga	- Planleggja semesterstartaksjonar til hausten. Fara på sumarleir.
Sentrallekken	- Planleggja skulestartaksjonar til hausten. Organisera sumarleir.

**Målsetnad:** Råka andre målungdomar og ha ordskifte om målpolitikk. Utveksla røynsler og idear.

**Råd:** Merk deg tidleg når sumarleiren vert halden og kryss han av i kalenderen din! I ei lita veke samlar målungdomane seg til målpolitiske ordskifte og foredrag. Dette er òg ei svært sosial tilskiping, - det er jo ferie!

## Året rundt

De burde skriva lesarbrev til lokalavisa jamleg om det laget dykkar held på med, eller om ting de er opptekne av. Les meir om det på side 31. Å halda lokale aksjonar og marketingar, både på lærestaden og t.d. ved butikken, vekker ofte åtgåum, sjå s. 26. Ein annan idé er å skipa til distriktskurs saman med andre målungdomslag i nærleiken og ha ope møte saman med det lokale mållaget. Vaksenlaget er ofte viljug til å stilla med pengar. Elevlag får vanlegvis låna rom gratis på skulen, kan henda får de òg tilgjenge til gratis telefon og kopiering. Skrivarstova kan hjelpa til med gjennomføring av ulike tiltak, so slå på tråden! Det er viktig å halda lagsmøte jamleg, sjå s. 22.

«Rørsla vår er saman med ei rad andre organisasjonar og institusjonar ein del av ein kulturtradisjon.»



## 12. Nynorskverda

*Du som les denne boka, veit kan benda at du er med i ein av organisasjonane i norskdomsrørsla. Målrørsla er ein del av norskdomsrørsla, og norskdomsrørsla utgjer det me kan kalla nynorskverda. For NMU er ikkje berre ein flokk frittstående ungdomar som har kome fram til at nynorsk er det beste målet. Rørsla vår er saman med ei rad andre organisasjonar og institusjonar ein del av ein kulturtradisjon. I norskdomsrørsla i dag finn me mange ulike organisasjonar og institusjonar. Me skal her freista gjeva eit oversyn over eit representativt utval av desse, kva dei driv med og korleis du kan kontakta dei.*

### a) Lag og tiltak i norskdomsrørsla

#### Bondeungdomslaget i Oslo (BUL Oslo)

Dette er det største einskildmålslaget i landet. Laget er innmeldt både i Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag. Det har til føremål å auka vurdningen for bonden og bondeyrket, og arbeider for å atterreisa det norske folkemålet, for edruskap og nasjonalt sjølvstende i alle leier. BUL Oslo femner om mange tiltak: Barnelag, idrettslag, leikarring, songlag, spellag, kaffistove, husflidsbutikk og hotell.

Tilskrift: BUL Oslo, Rosenkrantz' gt. 8, 0159 OSLO. Tlf.: 23 21 41 60. Faks: 23 21 41 61. E-post: [lagskontor@bul.oslo.no](mailto:lagskontor@bul.oslo.no) Heimeside: <http://www.bul.oslo.no/>

#### Dag og Tid

Avisa er den einaste riksavisa på nynorsk. Ho kjem ut kvar torsdag, og inneheld artiklar med stoff frå inn- og utland. I lesarbrevspaltene går det med jamne mellomrom ordskitte om nynorsken og målrørsla.

Tilskrift: Dag og Tid, Pilestretet 8, 0180 OSLO. Tlf.: 22 33 00 97 Faks: 22 41 42 10. E-post: [bladstova@dagogtid.no](mailto:bladstova@dagogtid.no) Heimeside: <http://www.dagogtid.no/>

#### Det Norske Samlaget (Samlaget)

Forlaget, som er det største forlaget som gjev ut nynorskbøker, vart skipa i 1868. Samlaget sender kvart år ut eit hundretals bøker innanfor alle sjangrar. Ikkje minst har Samlaget eit breitt spekter av ordbøker som dekkjer dei fleste felt. Dei som tingar *Syn og Segn*, er medlemmer av litteraturselskapet Det Norske Samlaget.

Tilskrift: Det Norske Samlaget, Trondheimsvegen 15, Postboks 4672 Sofienberg, 0506 OSLO. Tlf.: 22 68 76 00. Faks: 22 68 75 02. E-post: [det.norskc@samlaget.no](mailto:det.norskc@samlaget.no) Heimeside: <http://www.samlaget.no/>

#### Det Norske Teatret

Dette teatret er flaggskipet for nynorsk scenekunst i Noreg. Alle skodespela vert framførde på anten nynorsk normaltalemål eller dialekt. Teatret er eit av teatra i Oslo med flest gjester på framsyningane, og kvart år i april er det ein viktig del av vertskapet for "Norsk kulturhelg".

Tilskrift: Det Norske Teatret, Kristian IV's gt. 8, 0164 OSLO. Tlf.: 22 47 38 00. Faks: 22 41 53 04.  
Heimeside: <http://www.pluto.no/detnorsketeatret/>

### Folkekulturforbundet

Dette studieforbundet legg til rettes for friviljug opplering gjennom medlemsorganisasjonane sine, bygd på verdiar om skapande og trygge fellesskap, personleg utvikling og læring, og levande kulturtradisjonar. Forbundet Kysten, Noregs Mållag, Norsk Målungdom, Noregs Ungdomslag og Noregs Husflidslag er innmelde i Folkekulturforbundet.

Tilskrift: Folkekulturforbundet, Kyrkjegata 32, Postboks 272 Sentrum, 0103 OSLO.  
Tlf.: 22 47 70 70. Faks: 22 47 70 75.

### Fonna Forlag

Dette lite Oslo-forlaget har m.a. gjeve ut nynorsk-leksikonet Norsk allkunnebok og boka "Målreising i 75 år - Noregs Mållag 1906 - 1981". Fonna gjev òg ut teikneserieheftet *Vanggutane*.

Tilskrift: Fonna Forlag L/L, St. Olavs plass 3, Postboks 6912 St. Olavs plass, 0130 OSLO.  
Tlf.: 22 20 13 03. Faks: 22 20 12 01.

### Hordaland Mållag

Dette er det største fylkeslaget i Noregs Mållag, og fylkeslaget har lokallag i dei fleste kommunane i Hordaland. Laget arbeider for å auka bruken av nynorsk på alle område i samfunnet, serleg skulemålsarbeid og jamstelling innanfor offentleg målbruk.

Tilskrift: Hordaland Mållag, Kong Oscars gt. 15, 5017 BERGEN.  
Heimeside: <http://www.nynorsk.no/ml/hordaland/>

### Ivar Aasen-sambandet

Sambandet er eit landsfemnande lag av folk som stor målreisingstanken at Ivar Aasen og held på ei klassisk nynorsk rettskriving, høgnorsk. Laget byggjer på eit nasjonalt målsyn og er motstandar av samnorsk og målblanding. Av lag som er knytte til sambandet, finn me Vestmannalaget (Bergen), Høgnorskringen (Oslo), Sunnmøre Vestmannalag og fylkeslaget Vestlandske Mållag.

Tilskrift: Ivar Aasen-sambandet, Grensa 8, 0159 OSLO. Tlf.: 22 33 68 10.  
E-post: [havard.tangen@oslo.online.no](mailto:havard.tangen@oslo.online.no)  
Heimeside: <http://www.geocities.com/Pentagon/5936/sambandet/sambandet.html>

### Kringkastingsringen

Denne ringen er ein medlemsorganisasjon som pressar på for å få meir nynorsk i kringkastinga (både radio og fjernsyn). Laget har laga utgreingar om nynorskbruken i NRK og opplegg til kurs i nynorsk normaltalemål.

Tilskrift: Kringkastingsringen, Kyrkjegata 32, Postboks 9161 Grønland, 0134 OSLO.  
 Tlf.: 22 47 71 60. Faks: 22 47 71 01. E-post: [k.ringen@online.no](mailto:k.ringen@online.no)  
 Heimeside: <http://212.71.75.29/Kringkastingsringen/index.htm>

### Landssamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK)

LNK er ein samskipnad av kommunar, fylkeskommunar og interkommunale tiltak som nyttar nynorsk. LNK tel no om lag 115 medlemmer. Samanslutninga lagar kurs for medlemene og fører tilsyn med at målkrava i lovverket vert fylgde.

Tilskrift: LNK, Pilestretet 8, 0180 OSLO. Tlf.: 22 33 14 00. Faks: 22 33 14 01.  
 E-post: [lnk@online.no](mailto:lnk@online.no) Heimeside: <http://home.sol.no/~lnk/>

### Noregs Mållag (NM)

NM er moderorganisasjonen vår og har om lag 11 000 medlemmer kringom i landet. Mållaget har mange fylkes- og lokallag, og i styret sit folk frå heile landet. I tillegg møtest rådet, med fylkeslagsleiarane som faste medlemmer, nokre gonger i året. Skrivarstova til mållaget, med dagleg leiar, skulemållskrivar, organisasjonssekretær, informasjonskonsulent o. fl., ligg i Oslo. Samarbeidet mellom NMU og NM er regulert av ein samarbeidsavtale (sjå kapittel 18). NMU har formell status som fylkeslag i mållaget, men med noko utvida rettar.

Tilskrift: Noregs Mållag, Kyrkjegata 32, Postboks 474 Sentrum, 0105 OSLO. Tlf. 22 47 71 00.  
 Faks: 22 47 71 01. E-post: [noregs.mallag@nm.no](mailto:noregs.mallag@nm.no) Heimeside: <http://www.nm.no/>

### Noregs Ungdomslag (NU)

Ungdomslaget er ein kulturorganisasjon med ikring 26 000 medlemmer spreidde på om lag 650 lag. Grunnlaget byggjer på verdinormene i bygdene med vekt på den folkelege kulturen og eit nært sosialt samvær. Det vert drive med alt frå tradisjonelle aktivitetar som dans, teater og song til skyttarlag, fritidsklubbar m.m.

Tilskrift: Noregs Ungdomslag, Kyrkjegata 32, Postboks 414 Sentrum, 0150 OSLO.  
 Tlf.: 22 47 70 00 Faks: 22 47 70 99. E-post: [informasjon@noregsungdomslag.no](mailto:informasjon@noregsungdomslag.no)  
 Heimeside: <http://www.norung.no/>

### Norsk Barneblad

Barnebladet er eit magasin for born i barneskulealder, der du finn artiklar, teikneseriar og lange ordskiftespalter. Bladet er redigert på nynorsk og kjem ut kvar fjortande dag.

Tilskrift: Norsk Barneblad, Pilestretet 8, 0180 OSLO. Tlf.: 22 42 52 80. Faks: 22 42 52 84.  
 Heimeside: <http://www.norsk-barneblad.no>

### Norsk Bokreidingslag

Dette forlaget, som held til i Bergen, gjev ut bøker med både fagleg og diktartleg innhald på

høgnorsk. Av viktige bøker frå Bokreidingslaget kan me nemna "Norsk Målsoga" av Gustav Indrebo og "Mål og vanmæle" av Jostein Krokvik.

Tilskrift: Norsk Bokreidingslag, Postboks 684, 5001 BERGEN.  
Tlf.: 55 31 66 29. Faks: 55 32 03 56. E-post: [ctrykk@online.no](mailto:ctrykk@online.no)  
Heimeside: <http://www.geocities.com/Pentagon/5936/bokreid/bokreid.html>

### Norsk Måldyrkingslag

Måldyrkingslaget, eller Akademiet for det norske målet, driv odling av nynorsken og rettleier i god norsk målbruk. Laget har gjeve ut studieheftet "Skriv norsk".

Tilskrift: Norsk Måldyrkingslag, hjå Hallvard Bergwitz, Treskevegen 81, 0681 OSLO.  
Tlf.: 22 26 14 97.

### Nynorsk Antikvariat

Dette antikvariatet kjøper og sel nynorsk litteratur av alle slag. Om sumaren har det fast utsal i bokbyen i Fjærland i Sogn, og med jamne mellomrom sender det ut katalogar med oversyn over bøker som er til sal.

Tilskrift: Nynorsk Antikvariat AS, Postboks 9243 Grønland, 0134 OSLO.  
Tlf.: 22 19 02 11. Faks: 22 19 61 10.  
E-post: [tinging@nynorskantikvariat.no](mailto:tinging@nynorskantikvariat.no) Heimeside: <http://www.nynorskantikvariat.no>

### Nynorsk Pressekontor (NPK)

NPK er eit lite nyhendekontor som spreier artiklar om aktuelle saker på nynorsk mål til små og store aviser i Noreg.

Tilskrift: Nynorsk Pressekontor, Pilestretet 8, 0180 OSLO.  
Tlf.: 22 42 92 60. Faks: 22 42 92 06.  
E-post: [npk@npk.no](mailto:npk@npk.no) Heimeside: [http://www.npk.no/mac\\_om\\_npk.html](http://www.npk.no/mac_om_npk.html)

### Vestabok Forlag

Forlaget held til på Voss og har gjeve ut m.a. desse bøkene av Ivar Aasen: "Om grunnlaget for norsk målreising" (redaktør: Stephen J. Walton) og "Norske Ordsprog".

Tilskrift: Vestabok Forlag v/Johannes Gjerdåker, Tvildes veg 218, 5700 VOSS. Tlf.: 56 51 19 39.

### Vestmannalaget

Dette laget er det eldste mållaget i landet. Laget har møte kvar månad i Bergen og drøfter målsak og andre aktuelle emne. Laget stor høgnorsken, og melde seg ut or Noregs Mållag i 1962 etter å ha lege i strid med det samnorskvenlege styret der. Bladet "Vestmannen" målber synet til Vestmannalaget og er det viktigaste organet for høgnorskrosla.



Tilskrift: Vestmannalaget v/Lars Bjarne Marøy, Eliasmarki 14, 5163 BERGEN. Tlf.: 55 34 33 77.

E-post: [lmaroy@online.no](mailto:lmaroy@online.no)

Heimeside: <http://www.geocities.com/Pentagon/5936/vestmannalaget/vestmannalaget.html>

## b) Medlemslag i NMU med heimesider

**MU Målstrilane** (på Sotra)

Heimeside: <http://www.nynorsk.no/mu/malstrilane/>

**Studentmållaget i Bergen (SmiB)**

Olav Kyrres gt. 53, 5015 BERGEN.

E-post: [smib@kvarteret.uib.no](mailto:smib@kvarteret.uib.no) Heimeside: <http://www.kvarteret.uib.no/~smib/>

**Studentmållaget i Nidaros (SmiN)**

Brattøyrgata 7, 7010 NIDAROS.

E-post: [smin@stud.ntnu.no](mailto:smin@stud.ntnu.no) Heimeside: <http://www.stud.ntnu.no/studorg/smin/>

**Studentmållaget i Oslo (SmiO),**

Øvre Slottsgt. 5, 0157 OSLO. Tlf.: 22 42 63 00. Faks: 22 42 63 01.

E-post: [studentmaallaget@studorg.uio.no](mailto:studentmaallaget@studorg.uio.no) Heimeside: <http://www.nynorsk.no/mu/smio/>

**Vestlandske Målungdom (VMU)**

Heimeside: <http://www.nynorsk.no/mu/vmu/>

**Volda og Ørsta Målungdomslag (VØMU)**

Heimeside: <http://www.geocities.com/nynorsk.geo/nyhende.htm>

«Denne tidstavla gjev eit utsyn over  
soga til målrørsla frå Ivar Aasen  
skriftfeste målet kring midten av  
1800-talet til stridane om  
parallellutgåveretten og arbeidet for  
nynorskklassar i byane på slutten av  
1900-talet.»

# 13. Målrørsla og nynorsken frå 1850 til i dag

Denne tidstavla gjev eit utsyn over saga til målrørsla frå Ivar Aasen skriffeste målet kring midten av 1800-talet til stridane om parallellutgåveretten og arbeidet for nynorskeklassar i byane på slutten av 1900-talet.

- 1850-åra:** Ivar Aasen (1813 – 1896) grunnlegg det nynorske skriftmålet. I *Det norske Folkesprogs Grammatik* (1848) og *Ordbog over det norske Folkesprog* (1850) la han fram resultatane frå dei store målføregranskningane sine i 1840-åra. Her syntte han at dei norske målføra til saman måtte reknast for eit sjølvstendig mål, norsk. Det var stor indre samanheng mellom målføra, som hadde vakse fram beinveges frå gamalnorsk. Dei var soleis ikkje forkvakra dansk, som mange trudde. I 1853 gav han ut *Prøver af Landsmaalet i Norge* med den fyrste freistnaden på normalisering av skriftmålet. Den endelege Aasen-normalen vart lagd fram i *Norsk Grammatik* i 1864. Uttetter 1850-åra samla det seg ein liten flokk kring Aasen i Kristiania og ein liten flokk i Bergen som var oppglodde for det nye skriftmålet og tok det i bruk.
- 1858:** Fleire landsmålsskrifter kjem ut, m. a. det fyrste bladet på landsmål, vekebladet *Dølen*, som vart gjeve ut av Aasmund Olavsson Vinje (1818 – 1870). Dette forde til den fyrste store striden i pressa om landsmålet.
- 1861/62:** Målmiljøa organiserer seg for fyrste gong og skipar mållag i dei tre største norske byane. Dei som var med, var fyrst og fremst studentar og radikale intellektuelle med overklassebakgrunn, men me finn òg ein og annan frå bondestanden, som Aasen sjølv og Vinje. Desse små mållaga sovnar inn etter eit par år.
- 1864:** Den fyrste folkehøgskulen, *Sagatun*, opnar på Hamar.
- 1867:** Marius Nygaard gjev ut den fyrste læreboka på norsk med utsyn over "det norske Landsmaals Grammatik". Boka kjem ut i Bergen. Året etter har Georg Grieg ferdig norsk utgåve av den lite katekisma åt Martin Luther.
- 1868:** *Vestmannalaget* i Bergen og *Det norske Samlaget* i Kristiania vert skipa. Båe laga skulle både spreia bøker og blad på det norske landsmålet og vinna framgang for måltanken elles. Desse to laga er dei fyrste varige mållaga i landet.
- 1869:** Etter mange års strev vert endeleg gamalnorsk emne i real- og latingymnaset.
- 1869/70:** Ungdomsskulen i Kvam i Hardanger byrjar so smått å bruka norsk mål i opplæringa. Samstundes veks dei fyrste mållaga på bygdene fram: Stord, Austrre Gausdal, Davik, Marnardalen og Kinsarvik.
- 1877:** Arne Garborg (1851 – 1924) byrjar gjeva ut landsmålsavisa *Fedrabeimen* i hovudstaden, og ein ny landsmålsoffensiv tek til.

- 1878: Stortinget vedtek at undervisninga i skulen skal gå føre seg "paa Børnenes eget Talemaal", og ikkje på dansk.
- 1885: Landsmålet vert gjort til jamstelt riksmål av Stortinget gjennom det sokalla "jamstillingsvedtaket". Venstre-koalisjonen røysta for og Høgre imot. Vedtaket fylgde i kjølvatnet av dei politiske hendingane året før som gav landet parlamentarisk styreform og Venstre-riksstyre.
- 1885-90: Dei fyrste heradsstyra byrjar taka i bruk norsk mál. Fyrst ut er Fjelberg i Sunnhordland, i 1885.
- 1890: Dei to fyrste skulekrinsane innfører landsmålet – ulovleg (Bygland i Aust-Agder og Modalen i Hordaland).
- 1892: Skulestyra i kommunane får høve til å innføra landsmålet som opplæringsmål. Overgangen til landsmål skytt fart saman med voksteren i lokale mållag.
- 1894: Den fyrste lova på norsk landsmål vert vedteken, "Log um sams normaltid".
- 1899: Dei fyrste fylkesmållaga vert skipa. Marius Hægstad vert utnemnd til den fyrste professoren i "landsmaalet og dets dialekter".
- 1900: 250 skulekrinsar har innført landsmålet sidan 1890.
- 1901: Den fyrste offisielle rettskrivinga for landsmålet vert vedteken (den sokalla Hægstad-normalen).
- 1902: Stortinget innfører obligatorisk prøve i norsk landsmål på lærarskulane etter at fleire studentar hadde teke seg sjølv til rettes og skrive eksamensstilen på norsk i åtte år.
- 1904: *Gula Tidend* kjem ut som den fyrste dagsavisa på landsmål. To år seinare kjem òg landsmålsavisa *Den 17de Mai* ut med daglege utgåver.
- 1905-07: Unionssprenjinga og den nasjonale vakninga gjev sterk framskuv for målsaka. Eit hundretals kyrkjesokner tek i bruk Blix-salmane, og framimot 300 skulekrinsar innfører norsk landsmål.
- 1906: Norigs Maallag vert skipa, og målrørsla får for fyrste gong ein landsfemnande organisasjon. Mållaget skulle i fyrste omgang vera ein pådrivar for at den eine skriftlege prøva til artium skulle gjevast på norsk landsmål.



- 1907: Stortinget vedtek obligatorisk sidemålsstil i gymnasiet. Byungdom vert for fyrste gong nøydd til å læra landsmål. Riksmålsforbundet vert skipa, og det vert vedteke ei moderat oppnorsking av dansken for å demma opp for landsmålsframgangen (1907-rettskrivinga). Same året vert den norske omsetjinga av kyrkjeritualet godkjend.
- 1908: Det vert lovleg å nytta norsk til embetseksamen ved universitetet.
- 1912: Det oppstår regjeringskrise på måls spørsmålet etter statsminister Wollert Konow på eit møte i Bondeungdomslaget i Oslo gav målrørsla vellæte for arbeidet sitt.
- 1913: Det Norske Teatret vert skipa i Oslo, og landsmålet vinn for fyrste gong inngang på ei fast scene i hovudstaden.
- 1916: Organisasjonen *Østlandsk Reising* vert skipa som tevlar til målrørsla på Austlandet. Organisasjonen stødde samnorskpolitikken til staten og ville at målføra på det sentrale Austlandet skulle leggjast til grunn for ei samlande riksnorm i framtida.
- 1917: Stor rettskrivingsendring som gjeld bœ måla. Planen om ei styrd og forsert samansmeltung av måla (samnorskpolitikken) vert for alvor offisiell språkpolitikk.
- 1920-åra: Ei rad namn på byar, fylke og bispedøme og andre stadnamn får norsk form (fylkesnamna Telemark og Aust-Agder i staden for Bratsberg og Nedenes, bispedøma Bjørgvin og Hålogaland, bynamna Oslo, Stavern og Nidaros).
- 1921: Noregs Mållag programfester at det norske målet skal reisast til einaste riksmål i landet. Same året kjem heile Bibelen ut i norsk utgåve. Studentmållaget i Oslo er utgjevar.
- 1921-23: 180-190 heradsstyre og seks fylkesting krev å få alt skriftleg tilfang frå staten på norsk.
- 1922: Riksstyret gjer vedtak om at alle oppslag på Dovrebana skal vera skrivne på norsk.
- 1924: 225 kommunestyre krev at alle oppslag ved postkontora skal vera på norsk.
- 1925: Nynorsk salmebok kjem ut etter mange års arbeid. Same året sender forsvarsdepartementet ut bod om at eksersisplassane i Telemark og på Vestlandet skal ha oppslag og kunngjerigar på norsk.
- 1929: Stortinget gjer vedtak om at "nynorsk" og "bokmål" skal vera offisielle nemningar på dei to skriftmåla.

- 1930: Stortinget vedtek "Lov om målbruk i offentlig teneste" som pålegg tenestemenn å nytta nynorsk.
- 1938: Ny stor rettskrivingsendring vert vedteken av Stortinget etter hard strid og store protestar frå målrørsla. Mange tradisjonelle former forbodne i nynorsken.
- 1944: Den ubrotne framgangen for nynorsk skulemål sidan 1890 når toppen, 34,1% av folkeskuleelevane i landet (55% av skulekrinsane) har nynorsk.
- 1949/50: Riksmålsforbundet byrjar offensiven mot samnorsk og nynorsk (Foreldreaksjonen mot samnorsk). Nedgangen for nynorsken i folkeskulen tek til. Årsakene er både skulesentralisering, tankegodset frå "Fellesprogrammet" (1945), resignasjon i målrørsla og riksmålsframstøyten.
- 1952: Eit statleg organ for språkplanleggjing, Norsk språknemnd, vert skipa for å føra samnorskpolitikken vidare. Mandatet for nemnda er svært omstridt i målrørsla.
- 1950-åra: Store aksjonar mot samnorsk i lærebøkene og nynorsk opplæringsmål i folkeskulen vert organiserte av riksmålsrørsla. Byrjande sentralisering som skyt fart i 1960-åra. Målrørsla er herja av store indre stridar i synet på samnorsken. Attending for nynorsken.
- 1959: Ny læreboknormal vert vedteken. Innanfor nynorsken vert tilnærminga til bokmål førd eit steg lenger, medan oppørskinga av bokmålet stanar.
- 1961: Noregs Student- og Elevmållag (NSEM) vert skipa, frå 1972 NMU.
- 1964: Språkfredskomiteen (Vogt-komiteen) vert skipa av riksstyret for å få det regjerande Arbeidarpartiet ut av den klemma som samnorskpolitikken har ført partiet opp i. Folk frå både målrørsla og riksmålsrørsla er med. Aktiviteten i riksmålsrørsla er dalande.
- 1966: Språkfredskomiteen legg fram tilrådinga si.
- 1967: Boka "Målreising 1967" med Berge Furre i brodden markerer lineskifte i målrørsla. Samnorsklina vert lagd bort, og tospråkslina vinn fram.
- 1972: Norsk språkråd avløyer Norsk språknemnd som organ for offentlig språkpolitikk. Samnorskpolitikken vert tona ned, og språkfred kjem i sentrum. Riksmålsrørsla tek sete i språkrådet.
- 1970-åra: Ny vitalisering av målrørsla og vokster i målorganisasjonane. Ei nynorsk eitt-

språksline vinn større oppslutnad. Attendegangen for nynorsken i grunnskulen stoggar mellomens.

- 1981:** Ny rettskriving i bokmål – mange danske former som vart forbodne i 1938, vert tekne inn att som ei fylgje av kompromissset i språkfredskomiteen på 1960-talet. Same året vert ei ny mållov vedteken.
- 1980-åra:** Tospråksstoda fester seg i samfunnet.
- 1986:** Noregs Mållag tek til å satsa meir på byane i samband med tilrådinga frå bynemnda. Rettskrivingsbrigda nemnda tek til ords for, møter sterk motburd på landsmøtet.
- 1992:** Landssamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK) vert skipa. Drygt 100 kommunar, fylkeskommunar og interkommunale verksemder med i 2000.
- 1993:** Oslo får den fyrste nynorske parallellklassa si.
- 1992-94:** Målrørsla aktiv i striden mot norsk EU-medlemsskap.
- 1996:** Ivar Aasen-året. Høgtidleg feiring av hundreårsminnet om grunnleggjaren av nynorsken.
- 1990-åra:** Jamlege åtak på rettane til nynorskelevane. Parallellutgæveordninga vert undergraven av målkøyvde lærebøker, og framlegget til ny opplæringslov trugar nynorske lærebøker til same tid som bokmålsbøker. Institusjonaliseringa av nynorsken held fram gjennom byggjinga av Ivar Aasen-tunet/Nynorsk kultursenter på Sunnmøre. Nynorske parallellklassar vert skipa i alle dei store byane. Nynorsken taper sume defensive skulemålsrøystingar, men attendegangen for nynorskprosenten i skulen kjem fyrst og fremst av avfolking og mindre fødselstal i distrikta. I "Mållovsmeldinga" heiter det offisielt at samnorskpolitikken er lagd på hylla. Likevel vert det vedteke ein ny læreboknormal med meir bokmålisering av nynorsken i 2000.

«Rørsla av organiserte unge målfolk er  
mykje eldre enn samskipnaden  
Norsk Målungdom, som vart skipa i  
1961.»



## 14. Målungdomsrørsla

frå 1877 til i dag

Rørsla av organiserte unge målfolk er mykje eldre enn samskipnaden Norsk Målungdom, som vart skipa i 1961. Då heitte organisasjonen Noregs Student- og Elevmållag. Me legg ber fram ei tidstavle over merkeår og bendingar i målungdomssoga.

- 1877:** Det fyrste målungdomslaget, Maalvinarlaget ved Stord Lærarskule, vert skipa.
- 1880-åra:** Elevmållaget i Kristiansand skipa.
- 1898:** Mållaget "Heimhug" ved lærarskulen i Tromsø skipa.
- 1900:** *Studentmaallaget* i Oslo (SmiO) skipa.
- 1908:** Studentmållaget ved Ås landbrukskøyskule skipa.
- 1916:** Studentmållaget i Nidaros skipa.
- 1951:** Studentmållaget i Bergen skipa.
- 1950-åra:** Det dukkar opp eigne elevmållag på ei rad gymnas.
- 1959:** Avisa *Apropos* tok til å koma ut i Oslo, utgjeven av SmiO – ho vart etter kvart medlemsavis for NSEM.
- 1961:** Noregs Student- og Elevmållag (NSEM) vert skipa 3. august. Student- og elevmållaga hadde tidlegare vore vanlege lokallag i Noregs Mållag (NM). NSEM får status som eit fylkeslag i NM. Eirik Aksel Larsen er den fyrste formannen for samskipnaden.
- 1960-åra:** Auke i talet på elevmållag, men svært varierende aktivitet i den sentrale organisasjonslekkjen. Arbeidsutvalet skifte mellom å liggia i Bergen og Oslo.
- 1967/68:** NSEM tek til å halda eigne landsmøte. Tidlegare vart dei haldne i samband med landsmøta i NM.
- 1967:** SmiO skipar til den internasjonale "European Conference of Lingual Minorities". Deltakarar frå mange vest-europeiske minoritetsmål og mykje blest.
- 1970:** Den fyrste lærebokaksjonen vert halden (med utspring i Øystese).
- 1971:** Tidsskriftet *Mål og Makt*, utgjeve av SmiO, tek til å koma ut. Den fyrste summarleiren vert halden, på Vinstra i Gudbrandsdalen.

- 1972: NSEM byter namn til Norsk Målungdom (NMU). Organisasjonen er sers aktiv i kampen mot EEC.
- 1972-79: *Målfront* er medlemsblad for NMU.
- 1970-åra: Dialektarbeidet og læremiddelarbeidet dominerer i organisasjonen. Sterk radikalisering set merke på NMU som dei fleste andre ungdomsorganisasjonar. Tydeleg vokster i organisasjonen (fram til 1977), og mykje intern strid og linekampar.
- 1975: NMU får formell status som ungdomsorganisasjon for Noregs Mållag.
- 1976: Ny tuft vedteken (tuft = prinsippprogram).
- 1980: Læremiddelsaka vunnen og lagd på hylla. Dialektarbeidet meir i framgrunnen. Nedgang i organisasjonslivet.
- 1980-84: *Folkemål* medlemsblad for NMU.
- 1982-85: Riksmålsungdommen, Unge Høgre og Noregs Gymnasiastsamband med offensiv mot sidemålsopplæringa.
- 1984: Målpolitisk lineskifte i NMU. Den "nasjonale" lina byrjar taka over.
- 1985: Medlemsbladet skifter namn til *EG* (det fyrste nummeret heitte *Gjygr*). I byrjinga internt meldingsblad, frå 1991 medlemsblad.
- 1985-90: Ny medlems- og aktivitetsauke, men store motsetnader internt mellom nasjonale og sosiale målfolk.
- 1987: Ny, nasjonal tuft vedteken. Nynorsk som einaste riksmål vert reist til føremål.
- 1989: Den fyrste studentkonferansen halden (i Nidaros).
- 1990: Landsmøtet i NMU vedtek *Program for ei nasjonal framtid*. Målstriden vert sett i samanheng med stridane i andre land for nasjonal og språkleg frigjerung.
- 1991: Tradisjonen med sumarleirar frå 1970-talet vert teken opp att. Seinare årvisse leirar. Landsmøtet i NMU vedtek programmet *Målføra og nynorsken*.
- 1992: Ny, nasjonal og historisk grunngeven tuft vedteken.

- 1990-åra: Ordninga med språklege parallellutgåver av lærebøker truga frå fleire kantar.
- 1993-94: NMU aktiv i striden mot norsk EU-medlemskap. Sernummer av *Eg* om EU.
- 1994: Sumarleir på Færøyan, 70 deltakarar, leiren med flest deltakarar på 90-talet.
- 1996: Ivar Aasen-konferansen samlar 120 deltakarar, ei av dei største tilskippingane i Ivar Aasen-året, eit samarbeid mellom Norsk Målungdom og Ivar Aasen-sambandet.
- 1997: Aksjon for språkleg rettferd i skulen (AFSRIS) mønstrar sterk motstand mot framlegget til ny opplæringslov. 30 000 elevar i streik. NMU samarbeider med NGS og NEO. Målungdomsbladet skifter namn frå *Eg* til *Motmæle*.
- 1998: Landsmøtet i NMU vedtek programmet *Norsk vilje - program for ein alternativ ungdomskultur*.
- 1999: NMU får mykje blest i media kring kampanjen "Stogg urbanismen!".
- 2000: Ny tuft vedteken.

# 15. Korleis lagar du ein plakatbukk?

*Det trengst noko utstyr for å sikra at aksjonane til laget vert vellukka. Dersom nokon i laget er so nevenyttig at ho eller han kan laga ein plakatbukk, finn de oppskrifta her. Som de ser, er det ikkje so ofsa vanskeleg.*

Ein plakatbukk er kjekk å ha. Folk vil sjå kven du er og kva du aksjonerer for. Parolar og slagord kan lett lesast av folk som ikkje les flogskriftene (flygeblada) dine, diskusjonshuga folk kjem bortåt deg, og heile aksjonen ser meir profesjonell ut.

Ein plakatbukk er noko eit stabilt lokallag bør ha tilgjenge til. Men for de byrjar snikra ein plakatbukk, kan de spørja nokon om å få låna ein. Det finst mange plakatbukkar rundt omkring. Partilaga brukar bukkane sine berre annakvart år, dessutan er det mange "sovande" lag som eig plakatbukkar, til dømes lokallag av Nei til EU, Nei til Atomvåpen, mållag osv. Slike lag låner gjerne ut plakatbukkar til aktive ungdomar. De kan òg freista å koma med i eit sameige av ein plakatbukk. Det gjorde Modum Natur og Ungdom. Etter at dei hadde slite ut den gamle bukken til Nei til Atomvåpen, bruka både Modum NU, Modum Senterparti og Modum Nei til EU den same bukken ei tid.

Det finst mange typar plakatbukkar, store og tunge av "pansertypen", og små og lette av "geriljatyten", bukkar med bord, og bukkar som kan klappast saman og berast som ein koffert. Om de ikkje har tilgjenge til ei stasjonsvogn, bør de laga ein av dei lette. Her får du oppskrifta på ein liten bukk som lett kan berast av ein målaktivist:

## Du treng:

- 4 stk 2 meter lange lekter, 23 \* 48 mm.
- 1 stk 9 mm finérplate, (huttonitt og spon kan òg nyttast).
- Eit par hengsler.
- To vindaugshasper.
- Skrugar.
- 1 m kraftig tekstilstrikk.
- 1 stk bord 16 \* 98 mm, 80 cm langt.


(Finérplater er dyre. Spør ein trelasthandlar om de kan få nokre emballasjeplater eller avkapp av finér.)

## Gjer soleis:

Kapp lektene like lange og skræ i ein ende slik at bukken står støtt. Skjer finérplata til 80 \* 120 cm. Fest lektene saman til to par med hengslene. Skriv plata fast til lektene. Kløyv bordet langsetter slik at bordet får ein skræ kant på om lag 30 grader og kapp det slik at det vert like langt som breidda på plakatbukken. Skriv bordet inn i lektene ved botnen av plata so bordet danar ein vinkel oppover. Fest strikken høveleg stram 5 cm over bordet. Fest vindaugshaspene på lektene slik at lektene sprikjer høveleg i botnen.

No er bukken ferdig, og om de vil, kan de pynta han med nokre lister og måling, men viktigast: Ting tilfang frå NMU, og kom dykk ut på gata!





# 16. Standardlovene for eit lokallag i NMU

*Me syner ber fram korleis standardlovene for eit målungdomslag ser ut. Lovene kan vera annleis so sant dei då ikkje bryt med føremålet til hovudsamskipnaden Norsk Målungdom. Desse lovene er vedtekne av Målungdomslaget Målstrilane på Sotra:*

## LOVER FOR MU Målstrilane

### § 1. Føremål

1. Målstrilane MU arbeider for å gjera nynorsk til einaste riksmål i Noreg.
2. Målstrilane MU skal arbeida i samsvar med føremålet, arbeidsprogrammet og lovene til Norsk Målungdom.

### § 2. Medlemskap

1. Målstrilane MU er ein del av Vestlandske Målungdom og er eit lag i Norsk Målungdom.
2. Alle som godkjenner føremålet til Norsk Målungdom og svarar medlemspengar, er medlemmer i Målstrilane MU.
3. Medlemmer eller sympatisorar av rasistiske og/eller nazistiske samskipnader kan ikkje vera medlemmer i Målstrilane MU.
4. Medlemmer eller sympatisorar av riksmålsorganisasjonane og Landslaget for Språkleg Samling kan ikkje vera med i Målstrilane MU.

### § 3. Årsmøte

1. Årsmøtet skal vera kunngjort på vanleg måte minst 14 dagar føreåt. Omfram årsmøte skal haldast når årsmøtet, lovleg innkalla medlemsmøte, styret i laget eller 1/3 av medlemene krev det.
2. Årsmøtet vel leiar og minst 1 styremedlem.
3. Utsendingar til årsmøtet i Vestlandske Målungdom og landsmøtet i Norsk Målungdom skal veljast på årsmøtet i målungdomslaget eller på eit lagsmøte.
4. Årsmøtet skal taka stode til årsmelding, rekneskap, arbeidsprogram, budsjett og andre saker som styret legg fram for det.

### § 4. Arbeidet til styret

1. Styret vel seg imellom nestleiar, skrivar og kassastyrar.
2. Styret leiar arbeidet i laget. Det har òg andsvaret for arbeidet i nemnder.
3. Styret tek imot innmeldingar i laget.
4. Styret skal syta for at årsmøtet får årsmelding og rekneskap. Dessutan skal det leggja fram arbeidsprogram og budsjett for det nye arbeidsåret.
5. Styret rår over eiga og skal driva laget på ein økonomisk forsvarleg måte i samsvar med arbeidsprogram og budsjett. Pengeløyvingar over kr 500 skal godkjennast av lagsmøtet.

**§ 5. Eiga**

1. Vert laget lagt ned eller skifter føremål so det ikkje lenger kan stå i Norsk Målungdom, skal styret i distriktslaget taka vare på midelen til laget kjem i gang att, eller det vert skipa nytt lag på same staden som fyller krava til medlemskap i Norsk Målungdom.
2. Lova til Norsk Målungdom gjeld når ein skal avgjera om laget er lagt ned eller har skift føremål.

**§ 6. Røysterett**

1. Alle lagsfolk over 14 år som har svara medlemspengar, har røysterett.

**§ 7. Ymse**

1. Lover og føresegner for Norsk Målungdom som omhandlar tilhøve i målungdomslaga eller organisasjonen ålment, gjeld òg for Målstrilane MU.

**§ 8. Lovbrigde**

1. Framlegg til lovbrigde skal vera kunngjort minst 14 dagar føre årsmotet. Årsmotet kan då vedtaka brigdet med 2/3 fleirtal.
2. Brigda må godkjennast av Vestlandske Målungdom.

«Ein arbeidsplan gjev eit oversyn over aktivitetar og oppgåver i eit lag for ein arbeidsbolk, som regel eit år.»



## 17. Døme på arbeidsplan for eit lokallag i NMU

*Ein arbeidsplan gjev eit oversyn over aktivitetar og oppgåver i eit lag for ein arbeidsbolck, som regel eit år. Me tek her inn eit døme på korleis ein slik plan kan sjå ut.*

### Studentmållet i Oslo - Arbeidsplan for 1998

#### Hovudsatsingsområde:

##### Nynorsk som bruksmål

Studentmållet vel å arbeide vidare ut frå same hovudsatsingsområdet i 1998 som året før. Vi ynskjer å tydeleggjere nynorsken som eit mål det er naturleg å nytte til dagleg. SmiO vil mellom anna gjere dette gjennom sjølve å:

- arrangere målferd på lærarutdanninga ved Høgskulen i Oslo
- sjå på grunnen til at folk endrar målform til/frå nynorsk og kva vi kan gjere for at dette bytet går rette vegen.
- arrangere minst eitt norskkurs.
- dele ut målprisen til nokon som er knytt til Universitetet i Oslo (UiO) og nyttar nynorsk på ein særskild positiv måte.
- ... og følgje opp Målrettsferdsnemnda som skal:
  - lage liste over forelesarar som nyttar nynorsk.
  - mase på administrasjonen ved UiO for å få ting betre tilrettelagt for nynorskbrukarar - t.d. knytt til semesterregistrering og informasjonsmateriell.

#### Elles faste postar:

##### Gjennom heile året

- Spesiell utfordring: Bli synlege, verve og få fleire aktive.
- Onsdagsmote. Til våren vil om lag eitt møte i månaden bli arrangert saman med BUL og Oslo Mållag, der ein gjerne tek opp aktuelle tema ut frå den politiske dagsordenen. I tillegg arrangerer vi eigne mote.
- Teatertur.
- Studieverksemd. Vi går vidare med grunnringing vi tok til med hausten -97.
- Sosiale tiltak - særleg knytt til onsdagsmota.

##### Vår

- Markering av 1. mai.
- Feiring av 17. mai.
- Velfortent sommaravslutning.

##### Haust

- Semesterstartaksjon.
- Grautkveld.
- Juleavslutning.

## 18. Samarbeidsavtalen mellom NMU og Noregs Mållag

*Denne samarbeidsavtalen regulerer høpehavet mellom Norsk Målungdom og Noregs Mållag. Her finn de oversyn over rettar og plikter i sambandet mellom moderorganisasjonen og ungdomsorganisasjonen i målørsla. Avtalen vart vedteken på landsmøtet i Noregs Mållag 1992 og på landsmøtet i Norsk Målungdom 1993.*

1. Denne samarbeidsavtalen er vedteken på landsmøta i Noregs Mållag (NM) og Norsk Målungdom (NMU) og set tidlegare avtalar ut or kraft.
2. NM og NMU er samde om tilhøvet mellom dei skal fylgja grunnsetningane om tillitsfullt samarbeid, gjensidig hjelp og ope meiningsbyte.
3. NMU er ungdomssamskipnaden åt Noregs Mållag. Dei to samskipnadene er samde om at det ikkje er heldig å setja noko skarpt skilje mellom arbeidsoppgåvene åt NMU og Noregs Mållag. NMU har likevel eit serskilt ansvar for saker som vedkjem ungdom og for å organisera ungdom i vidaregåande skular og på universiteta og høgskulane.
4. Målungdomslaga skal vera rekrutteringslag for NM, og NMU skal difor arbeida for å få medlemmer til å gå over i vaksenmållag når dei ikkje lenger arbeider i NMU. NM skal på si side stø arbeidet til målungdomslaga og arbeida for at det vert skipa nye målungdomslag. Medlemmer i NMU bør ikkje vera eldre enn 30 år.
5. Fylkeslaga i Noregs Mållag skal kalla inn til fylkesårsmøte det distriktslaget i NMU som held til i same område som fylkesmållaget. Utsendingane frå distriktsstyret møter med talerrett. Tilhøvet mellom distriktslaga i NMU og fylkeslaga i NM vert ordna gjennom serskilde avtalar.
6. Laga i NMU vert kalla inn til årsmøtet i fylkeslaga i NM etter vanlege reglar. Medlemstalet deira skal likevel ikkje telja med når utsendingstalet frå fylkeslaget til landsmøtet i NM skal fastsetjast. Laga i NMU har rett til å senda like mange utsendingar til årsmøta i fylkeslaga som vanlege lokallag i fylkeslaget, og utsendingane møter med fulle rettar. Distriktslaget og fylkeslaget kan likevel avtala (jfr. pkt. 5) ein større utsendingsnøkkel og/eller lågare krav til medlemstal for utsendingsrett. Laga i NMU sender årsmelding om verksemda si til fylkeslaget i NM føre årsmøtet.
7. NMU har rett til ein medlem med vara i styret og valnemnda i NM. Desse vert valde på landsmøtet i NMU.
8. I nemnder sette ned av NM eller NMU har den andre parten rett til ein medlem når han bed om det. Kvar samskipnad peikar ut sine representantar. Dei to samskipnadene byter opprit frå møte i styre og nemnder så snart som råd etter møtet. Arbeidsutvalet i NM og sentralstyret i NMU held sammøte ein gong i året for å planleggja konkret samarbeid.
9. Noregs Mållag har rett til opptil 5 utsendingar med tale- og framleggsrett på landsmøtet i Norsk Målungdom.

10. Medlemene i NMU er innmelde i NM gjennom NMU.

11. Når ein av partane bed om det, skal samarbeidsavtalen opp til ny førehaving.

I 1998 kom det til ei presisering og utfylling av denne avtalen. Dette tillegget ryddar fyrst og fremst opp i den utsendingsretten lokallag i NMU har i samband med landsmøtet i Noregs Mållag.

# 19. Stikkordsliste

- aksjonar 26, 49  
 aksjonsandsvarleg 18  
 aksjonsdag 28  
 alkoholforbod 13  
 allmøte 17  
 analyse 26  
 andsvarsgrupper 25  
 Apropos 65  
 arbeidsgjeveravgift 47  
 arbeidsgrupper 19  
 arbeidsplan 13, 15, 17, 23, 43, 44, 73  
 arbeidsprogram 13, 50, 70  
 arkaisk 39  
 bokdisk 28, 29  
 bokhandel 26, 27  
 bokmål 38, 61  
 brevark 43  
 brevbok 18  
 brevring 45  
 brigade av lovene 23, 50, 70  
 bruktbøker 17, 28, 29  
 budsjett 23, 43, 44, 70  
 BUL Oslo 53, 61  
 Dag og Tid 31, 53  
 Det Norske Samlaget, sjå Samlaget  
 Det Norske Teatret 53, 61  
 dialektreiseing 37  
 disposisjon 31  
 distriktslag 13, 71, 74  
 driftstilskot 42  
 Eg 66, 67  
 eiga 70, 71  
 eittspråkslina 38, 62  
 elevlag 42, 49, 50, 51  
 elevrådet 42  
 endring av lovene, sjå brigade av lovene  
 etla ut 24, 27, 28, 29  
 etymologi 38  
 flogskrifter 68  
 flygeblad 21, 24, 28, 29, 32  
 Folkekulturforbundet 41, 45, 46, 54  
 Folkemål 66  
 fond 41, 42  
 Fonna Forlag 54  
 frammeteliste 46  
 fråhaldande 15  
 fråsegner 23, 29, 31  
 fullmakt 45  
 fylkeskommunen 41  
 forebuingsstfang 25, 37  
 Garborg, Arne 39, 59  
 grunnkurs 49  
 honorar 8  
 Hordaland Mållag 54  
 høgnorsk 54, 56  
 Honegrenda MU 8, 26, 27, 28, 29  
 idébank 30  
 idédugnad 27, 30  
 ingress 31  
 innkomekjelder 41  
 innkomer 41, 44  
 innleiing 22, 25, 35, 36  
 inntekter, sjå innkomer  
 interimstyre 14, 17  
 intern fråsegn 31  
 interne kurs 36  
 internett 33  
 Ivar Aasen-sambandet 54, 67  
 jamstelling 37  
 jamstillingsvedtaket 60  
 journal, sjå brevbok  
 kassastyrar 15, 18  
 klassespråk 39  
 kommunen 41  
 knota 28  
 Kringkastingsringen 54  
 kulturgruppe 25  
 kurs 24, 25, 44  
 kvitteringar 44, 45, 46  
 lagsarkiv 30  
 lagsdrift 17  
 lagsmøte 22, 50, 51, 70  
 lagsnamn 14  
 Landslaget for Språkleg Samling 70  
 landsmøte 11, 12, 13, 50  
 landsmøteavgift 44



- landsmøteforebuingskurs 50  
 Landssamanslutninga av  
   nynorsk kommunar (LNK) 55, 63  
 landsstyre 11, 12, 13  
 legat, sjå fond  
 leiari 18, 70  
 lesarbrief 31  
 lesarinnlegg 29  
 lokallag 12, 14, 41, 50, 70, 73;  
   sjå elevlag, studentlag  
 lovbrigde 23, 71  
 lovene 13, 15, 17, 23, 70, 71  
 lærebokaksjonar 21, 65, sjå under  
 læremiddelaksjonar 28, 49  
 læremiddelandsvarleg 18  
 medlemspengar 15, 24, 41, 44, 50, 70  
 medlemstal 74  
 midel 71  
 mistillit 13, 23  
 mobilisering 24, 25, 37, 49  
 Motmæle 7, 29, 33, 39, 67  
 MUTN (Målungdomen i Trøndelag og  
   på Nordmøre) 13  
 møte 19, 21  
 møtebok 18, 19  
 møteplan 37  
 moteskrivar 19  
 motestyrar 19  
 Mål og Makt 7, 39, 65  
 måldyrking 56  
 målferd 11, 49  
 Målfront 66  
 målmangfald 37  
 nasjonale spørsmål 28  
 nasjonalmål 39  
 nasjonssyn 39  
 nemnd 11, 12  
 nestleiar 18  
 Noregs Mållag 11, 55, 60, 61, 74, 75  
 Noregs Student- og Elevmållag 62, 65  
 Noregs Ungdomslag 55  
 normering 37  
 Norsk Barneblad 55  
 Norsk Bokreidingslag 55, 56  
 Norsk Måldyrkingslag 56  
 Norsk språkråd 62  
 Norsk språknemnd 62  
 Norsk Tidend 31  
 norsksdomsrørsla 53  
 NNMU (Nordnorsk Målungdom) 13  
 NPK (Nynorsk Pressekontor) 56  
 nyhende 30  
 nynorsk som einaste riksmål 61, 66, 70  
 ombod 14, 19  
 opne møte 24, 28  
 opprit 19, 29, 45  
 oppsummering 26, 29  
 ordtilfang 37  
 ortofoni 38  
 plakat 29, 32  
 plakatbukk 18, 28, 29, 68, 69  
 plikt kjensle 9  
 pressemelding 28, 30  
 prosjektstønad 42  
 protokollmerknader 19  
 rasistar 70  
 rekneskap 23, 43, 44, 70  
 representantar 74  
 riksmålsorganisasjonar 61, 62, 70  
 røyserett 11, 71  
 samarbeidsavtalen 11, 74, 75  
 Samlaget 53, 59  
 samnorsk 38, 61, 62, 63  
 SAMU (Sor- og Austlandsk Målungdom) 13  
 semesterstartaksjonar 51  
 sentrallekken 13, 14, 49, 50, 51  
 sentralstyre 11, 12, 13  
 sjølvstudium 39  
 skipingsmøte 14, 17  
 skrivar 11, 18  
 skrivarstova 11, 14, 17, 44, 46  
 skulelag 17  
 skulemålskonferanse 49  
 skulemålsrøysting 63  
 skulestartaksjon 49; jfr. 26, 51  
 slagord 30, 32

- sparebanken 41  
 språkkloyvde lærebøker 26, 28, 63  
 språkvalsmekanismer 11  
 standardlover 17, 70, 71  
 studentlag 49, 51, 57  
 Studentmållet i Bergen (SmiB) 32, 57  
 Studentmållet i Oslo  
 (SmiO) 39, 57, 61, 65, 73  
 studentsamskipnaden 42  
 studiearbeid 35, 45  
 studiehandbøker 37  
 studiemøte 22  
 studiering 35, 36, 37, 38, 39, 45  
 styre 11, 14, 17, 18, 70  
 styremøte 22  
 sumarleir 50, 51, 65, 66  
 søknad 41  
 søknadsfrist 41, 42  
 søknadsskjema 41, 42  
 talarliste 19  
 teknisk gruppe 25  
 tilfang 24, 30, 35, 37, 49  
 tilskipingar 21  
 tilskrift 46, 53, 54, 55, 56, 57  
 tosråkslina 62  
 tufta 13, 37, 38, 50, 66, 67  
 utetterretta kurs 36  
 utloger 44, 45, 46, 47  
 utsendingar 24, 74  
 utsendingsrett 74  
 utval 11, 12  
 vaksenlag 51  
 val 15, 23  
 valnemnd 19, 24  
 varamedlemer 19  
 veggaviser 32  
 verv 15, 17, 18, 19  
 Vestanbok Forlag 56  
 Vestmannalaget 54, 56, 59  
 Vinje, Aasmund Olavsson 59  
 VMU (Vestlandske Målungdom) 13, 70, 71  
 årsmelding 23, 43, 50, 70  
 årsmøte 18, 19, 23, 70, 71  
 årspengar 15, sjå medlemspengar  
 Aasen, Ivar 37, 38, 59, 63, 67



**Lukke til** med  
**arbeidet!**



Det du her held i handa, er i Norsk Målungdom (NMU). Denne boka er ei grundleg og ryddig gjennomgang av dei ulike sidene ved NMU. Boka slår i tillegg på lokallag og einskildmedlemmer som kan fremja målsaka, men gjev retning til dei som er nyinnmelde. Med litt inspirasjon og hjeip er det lettare å koma i gang. Dei som har vore med i organisasjonen nokre år, kjem òg til å ha utbyte av å setja seg inn i boka. Fem kapittel greier ut om ulike aktivitetsområde som er moglege for deg og laget ditt. I studiekapitlet er det sett opp eit eige register over studietilfang du kan få frå skivarstova i NMU.

I boka finn du òg oversyn over andre lag og tiltak i norskdomsrørsla og lokallag i NMU, historiske tidstavler over merkeår og hendingar i målstriden, oppskrift på korleis du kan laga ein plakatbukk, standardlovene for lokallag, samarbeidsavtalen mellom NMU og Noregs Mållag, m.m. Innholdslista fremst i boka og stikkordslista baki skulle gjera det lett å finna fram til det du vil lesa om.

Dryg ikkje med å taka kontakt med Norsk Målungdom sentralt om du treng fleire eksemplar av boka! Du kan òg spørja om å få tilsendt studieplanen som er utarbeidd for lag som legg boka opp til studiering.

### Norsk Målungdom

Øvre Slottsgt. 5  
0157 OSLO

Tlf. 22 42 63 00  
Faks 22 42 63 01

E-post: [skivarstova@nynorsk.no](mailto:skivarstova@nynorsk.no)  
Heimeside: <http://www.nynorsk.no/nmu/>



Depotbiblioteket



00sd 35 646



